

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2015-2018

-saman for utvikling og velferd

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak.....	3	5.3.3 Kulturskulen	35	7.4.3 Netto ramme, NMK-komite, per ansvar og teneste.....	72
2. Innleiing og samandrag	5	5.3.4 Barnevern	36	7.4.4 Netto ramme, RHO-komite, per ansvar og teneste.....	74
2.1 Budsjettprosess	8	5.4 Komité for næring, miljø og kultur	37	7.5 Budsjettskjema 2A investering.....	77
3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader	9	5.4.1 Kulturtenester.....	37	7.6 Hovedoversikt investering	78
3.1 Overordna analyse	10	5.4.2 Idrett og friluftsliv.....	37	7.7 Spesifikasjon investering, Stord kommune	80
3.1.1 Demografi og kommuneøkonomi	10	5.4.3 Bibliotek	38	7.8 Spesifikasjon investering, stord kommunale eigedom KF	86
3.1.2 Overordna kostra-analyse	14	5.4.4 Brann, redning og feiing.....	39	7.9 Spesifikasjon investering i Stord vatn og avlaup KF	91
3.2 Økonomiske føresetnader	16	5.4.5 Beredskap.....	40	7.10 Samla investeringsramme stord kommune inkl. Føretak	99
3.2.1 Frie inntekter.....	16	5.4.6 Landbruk, miljø og næring.....	40	7.11 Spesifikasjon låneportefølje.....	103
3.2.2 Skjønsmidlar.....	17	5.4.7 Sunnhordland lufthamn as.....	40	8. Betalingssatsar	107
3.2.3 Momskompensasjon	17	5.4.8 Regulering, byggjesak, oppmåling.....	41	9. Vedlegg	143
3.2.4 Asylmottak, mottak flyktingar	17	5.4.9 Fagavdeling for veg, trafikk og parkering (VTP) ...	42	9.1 Stord kommunale eigedom KF	144
3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar	17	5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg	43	9.1.1 Taldel	145
3.2.6 Rente og avdragskompensasjon	17	5.5.1 Sosialtenester, NAV.....	45	9.2 Stord vatn og avlaup (VAR)	148
3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad	18	5.5.2 Sosial og førebyggjande tenester.....	45	9.2.1 Driftsbudsjett detaljert (VAR).....	157
3.3 Eigedomsskatt	19	5.5.3 Habilitering	46	9.2.2 Eigedomsgjeld	175
3.4 Investeringsplan/konsekvensjustert budsjett 2018-2023	20	5.5.4 Institusjonsdrift.....	46	9.2.3 Utstyr.....	177
4. Målstyring	21	5.5.5 Aktivitet og rehabilitering	47	9.2.4 Leasing	178
4.1 Overordna målekart for stord kommune.....	22	5.5.6 Heimebaserte tenester.....	47	9.2.5 Kurs	179
5. Budsjettområda, drift og investeringar	24	5.5.7 Kundetorget	47	9.3 Stord vatn og avlaup KF (VTP).....	180
5.1 Formannskapet.....	26	5.5.8 Bustader for personar med særskilte behov	47	9.3.1 Driftsbudsjett detaljert (VTP).....	182
5.1.1 Politisk	26	5.5.9 Legetenesta.....	47	9.3.2 Investeringsbudsjett (VTP).....	194
5.1.2 Administrasjon, fellesutgifter	26	5.6 Kommunale føretak.....	48	9.4 Kontrollutvalet	196
5.1.3 Ikt.....	27	5.6.1 Stord kommunale eigedom KF (SKE KF)	48	9.4.1 Taldel	199
5.1.4 Folkehelse	27	5.6.2 Stord vatn og avlaup KF (SVA KF)	49	9.5 Stord kyrkjelege fellesråd – innspel til driftsbudsjettet	200
5.1.5 Overordna planlegging, kommunal planstrategi ..	28	6. Finans, avgifter, betalingssatsar	50	9.5.1 Stord kyrkjelege fellesråd – innspel til investingsbudsjettet.....	202
5.1.6 Kyrkja, kyrkjegardar	28	6.1 Gebyr og betalingssatsar.....	51	9.5.2 Taldel – drift	204
5.2 Driftsstyret	29	6.2 Finansinntekter og –utgifter, lånegjeld.....	51	9.5.3 Taldel - investering	213
5.2.1 Effektivisering/stillingsgruppa	29	7. Tabellar	54		
5.2.2 LOS-utvalet/prosjekt «saman om ein betre kommune».....	29	7.1 Budsjettskjema 1A drift	55		
5.2.3 Prosjekt arealeffektivisering.....	29	7.2 Hovedoversikt drift.....	59		
5.3 Komité for oppvekst og utdanning	30	7.3 Netto ramme, fordelt einingsvis	62		
5.3.1 Skule, SFO	31	7.4.1 Netto ramme, formannskap, per ansvar og teneste	64		
5.3.2 Barnehagar.....	33	7.4.2 Netto ramme, OOU-komite, per ansvar og teneste.....	67		

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2015-2018 med desse endringane:
...
2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2015: Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.

b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygd grunneigedom.

c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. oversyn i avsnitt 3.3 i budsjettokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2015.

d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

e) Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

4. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 145 858 000 kr i lån i 2015 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån, inntil	kr 25 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 78 440 000
Andre lån	kr 42 418 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vil ta stilling til låneopptaket til hamneføremål ved handsaming av budsjettet for Stord hamnestell.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg 7.11) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret 2015. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2015 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune" for:
 - Kommunale eigedomsavgifter
 - Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
 - Betalingssatsar for feiing og tilsyn
6. Kommunestyret har som målsetting at ny Stord ungdomsskule skal vera klar frå hausten 2017. Rådmannen får i oppdrag å gå gjennom prosjektet med sikte på å vurdere arealbehovet. Det skal også utarbeidast løysingar og kostnadsoverslag for mellombels løysing for undervisninga i anleggsperioden. Revidert kostnadsoverslag skal godkjennast av kommunestyret.

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

7. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2015 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass kr 178 979

Store born/full plass kr 80 999

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarende retningsgjevande satsar frå departementet.

8. Stord kommune vil i 2015 busettja 20 flyktingar. Familiesameiningar kjem i tillegg.

9. Det vert for 2015 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

- Sunnhordland museum	kr 610 000
- Friluftsrådet	kr 260 000
- Stord idrettspark AS	kr 800 000
- Frivilligsentralen	kr 208 000
- Stord sogelag	kr 10 000
- Sunnhordland kammerorkester	kr 22 000
- Barnebokfestivalen Falturiltu	kr 100 00

Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera løyving på kr 250 000 til kulturføremål.

10. Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2015-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

- Hordaland olje og gass, driftstilskot	kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot	kr 37 500
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland	kr 404 600
- Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga	kr 218 000
- Medlemskontingent Stord næringsråd	kr 30 000
- Atheno AS, Maritim industriinkubator	kr 150 000
- Atheno AS, ungt entreprenørskap	kr 65 000
- Liv og lyst Litlabø	kr 30 000
- Kjøp av førstelinetenester	kr 150 000

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål.

11. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

12. Kommunestyret vedtek budsjett for 2015 for Stord kommunale eigedom KF inklusiv rammeoverføring til park/grønt slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1.

2. Innleiing og samandrag

2.1 Budsjettprosess 8

2. Innleiing og samandrag

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan for åra 2015-2018 byggjer på gjeldande økonomiplan, budsjettrevisjon for første tertial og utviklinga elles i 2014, og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2015. Framlegget til statsbudsjett legg opp til ein auke i kommunen sine frie inntekter (skatt og rammetilskot) med om lag 20 mill. kr. Det er ikkje tilstrekkeleg til å dekkja kommunen sine auka utgifter til løn og pensjon. Stord kommune vil også få auka utgifter i 2015 som følgje av demografiske endringar, dvs. som følgje av fleire innbyggjarar og fleire eldre og fleire barnehageborn og skuleborn.

Stord kommune er registrert i ROBEK, register for betinga kontroll, men vil venteleg tre ut av registeret når rekneskapen for 2014 er avlagt. Då skal siste del av det oppsamla underskotet, om lag 13 mill. kr, vera dekkja inn. Kommunen har likevel økonomiske utfordringar. Analyser med utgangspunkt i KOSTRA syner at Stord i 2013 hadde eit kostnadsnivå om lag 12 mill. kr høgare enn det kommunen sine inntekter skulle tilsei.

Budsjettforslaget har i 2015 ei brutto ramme på 1,17 mrd. kr. Det gjev rom for å yta mange og gode tenester til innbyggjarane. Tenesteytinga er i all i hovudsak vidareført på 2014-nivå, men fleire einingar har fått reduserte rammer. Budsjettet er delvis kompensert for prisauke, og må karakteriserast som stramt.

Kommunestyret innførte full eigedomsskatt frå og med 2013. I vedtaket heiter det at skatten skal nyttast til nedbetaling av oppsamla underskot og sidan til investering i skulebygg og institusjonsplassar. Rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan følgjer opp dette vedtaket, og vert lagt fram med eit overskot på 39 mill. kr, tilsvarande nær 3,3 prosent av brutto driftsbudsjett. Overskotet er foreslått disponert til finansiering av investeringar.

Budsjettforslaget legg opp til ei målsetting om at ny Stord ungdomsskule skal vera klar frå hausten 2017. Prosjektet ligg inne med ei investeringsramme på 166 mill. kr. Det vert likevel lagt opp til ein ny gjennomgang av prosjektet med sikte på å vurdera arealbehov og finna mellombelse løysingar for elevane i anleggsperioden. Det er vidare lagt inn midlar til arbeidsrom til lærarane på Hystad skule i samsvar med formannskapet si tilråding i 2. budsjettrevisjon for 2014. Elevressursen i Stordskulen er i budsjettforslaget justert ned med kr 120 eller 1,9 prosent i høve til 2014, som eit tiltak for å balansera budsjettet. Symjeundervisninga vert vidareført på 2014-nivå.

Stord kommune har full barnehagedekning ved at ein gjer tilbod til alle som har rett til plass. Frå hausten 2015 vil nye Tyse FUS barnehage auka kapasiteten med 100 plassar til store barn. Forslag til barnehageplan legg opp til å auka kapasiteten med ytterlegare 100 storbarne plassar i 2018. Overføringane private barnehagar er budsjettert med 111 mill. kr i 2015.

Kulturskulen vert vidareført på 2013-nivå, med i overkant av 900 elevar. Barnevernet er styrka med 6,9 mill. kr i høve opprinneleg budsjettet for 2014. Tenesta går likevel inn i 2015 med ei ramme 2,8 mill. kr under prognosen for 2014, noko som tilseier at ein må arbeida for å redusera kostnadene for å nå budsjettmåla i 2015.

Driftsbudsjetta innanfor næring, miljø og kultur i er i hovudsak vidareført på dagens nivå. Det er teke høgde for at kommunen også i 2016 skal vera samarbeidspartnar ved ein eventuell Stordfest. Det er framlegg om større oppgraderingar av både Kulturhuset og anlegga på Vikahaugane. Tilsaman er det framlegg om 9,3 mill. kr over investeringsbudsjettet i 2015 til desse to anlegga. Begge prosjekta vert vidareført i samsvar med planar vedtekne i Komité for næring, miljø og kultur. På Vikahaugane er det renovering av garderobar som står for tur, i Kulturhuset m.a. nye varmekjellar og varmtvasstankar. Det er også framlegg om renovering av garderobeanlegget i Prestagardsskogen og om kommunal delfinansiering av turstien rundt Ådlandsvatnet. Det ligg ikkje inne løyving til rehabilitering/ny rackethall i budsjettframlegget.

Det er framlegg om 3 mill. kr over investeringsbudsjettet til påkosting av bygningsmassen på Knutsaåsen og 7,5 mill. årleg investering i enøk, innemiljø, brannsikring og HMS-tiltak. Stord kommunale eigedom KF får ei auka budsjetttramme på 2,8 mill. kr i høve til 2014. I tillegg kjem auka leigeinntekter frå kommunale bustader.

2. Innleiing og samandrag

Folketalet i kommunen aukar, med eit gradvis større innslag av eldre innbyggjarar, yngre med ulike funksjonshemmingar og personar med rusproblematikk. Kommunen har underdekning på institusjonaplassar. Budsjettforslaget tek ikkje fullt ut høgde for denne situasjonen, men det ligg inne løyvingar til prosjektering av nye sjukeheimplassar i 2015 og innføring av fem nye plassar årleg frå 2017. Drifta innanfor rehabilitering, helse og omsorg er i hovudsak vidareført, men tenestene går inn i 2015 med reduserte rammer. 2015-budsjettet er vidareført med drift av dei tre nye plassane ved Stord sjukeheim.

Budsjettforslaget føl opp regjeringa si satsing på skulehelsetenesta med kommunal eigenfinansiering av to psykologstillingar. Oppstart bygging av nye dagaktivitetsplassar for personar med utviklingshemming er lagt inn i 2015. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS er sett i drift, og arbeidet med å planleggja øyeblikkeleg hjelp-/observasjonsplassar går vidare.

Budsjettforslaget har lagt til grunn ROS-analyse av Stord brannvesen. Det er framlegg om 0,65 mill. kr i 2015 til diverse utstyr og 0,7 mill. kr til HMT-tiltak på brannstasjonen. Brannbilen er foreslått erstatta med ein ny bil som også er tilpassa tunnelulukker.

Budsjettforslaget for fagavdelinga for veg, trafikk og parkering følgjer opp kommunestyret sitt vedtak om investeringsramme i samband med handsaming av Hovudplan veg, med kr 4,8 mill. per år. Det er i tillegg lagt inn m.a. 1 mill. til oppfølging av trafikksikringsplanen og 0,5 mill. kr til samarbeidsprosjekt med Stord vatn og avlaup KF.

Kommunedelplanane for vassforsyning og avlaup er under revisjon, ein ventar at dei er ferdig handsama i februar 2015. Investeringsbudsjettet for planperioden er tufta på handlingsprogramma i desse planforslaga. I kommunedelplan for avlaup vil det vera teke høgde for reinsekrava frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif). I budsjettforslaget ligg inne ein avgiftsauke på 12,4 prosent på vassforsyning.

Driftstilskotet til Kyrkjeleg fellesråd er auka med 3 prosent i høve til 2014. Kommunestyret har i tillegg vedteke å auka festeavgifta for gravplasser. Det er sett av 1,5 mill. kr kvart år i perioden til vidare rehabilitering av kyrkjene, og det ligg inne 6 mill. kr i 2015 til å auka kapasiteten ved Nysæter gravplass. Det er i planperioden sett av tilsaman 4,7 mill. til prosesjonsveg i Frugarden, først 0,2 mill. til utarbeiding av reguleringsplan i 2015.

Rådmannen legg også fram ei skisse til eit ti-års investeringsprogram, til og med 2024. Skissa tek utgangspunkt i forslag til økonomiplan og vedteke sektorplanar. Stord kommune står framfor eit stort investeringsprogram. Behova er særleg store innanfor skule og pleie og omsorg. Lånegjelda vil fortsatt auka, og planen viser at investeringsnivået vil gje utfordringar for driftsbalansen frametter, som følgja av auka kapital- og driftskostnader.

2.1 Budsjettprosess

Det er lagt opp til slik handsaming av budsjett og økonomiplan 2015-18:

Aktivitet:	Tidspunkt
Rådmannen legg fram sitt budsjettforslag	16. oktober
Formannskapet legg budsjettet ut til alminneleg ettersyn, jf. kommunelova § 45	3. og 5. november
Budsjettthøyringar i komiteane	11.-13. november
Kommunestyret vedtek årsbudsjett	20. november
Komiteane handsamar detaljbudsjett	9.-11. desember

Proessen og sjølve budsjettdokumentet er lagt opp i samsvar med etablert praksis og kommunen sitt økonomireglement, vedteke i kommunestyret i sak 65/12. Etter dette har kommunestyret slikt ansvar og mynde i budsjettsaker:

1. Kommunestyret skal innan utgangen av året i samsvar med kommunelova vedta årsbudsjettet for komande kalenderår og ein økonomiplan for dei tre påfølgjande budsjettåra.

2. Kommunestyret vedtek skatteanslag, rammetilskot, statlege overføringar, andre overføringar, netto avsetningar og finansinntekter og -utgifter. Kommunestyret fastset avgifter og prisar på varer og tenester når slik vedtaksrett ligg til kommunestyret etter lov eller føreseger.

3. Kommunestyret fastset internhusleige til Stord kommunale eigedom KF og vedtek overføringa til Stord kommune, samt overføring til grøntavdelinga spesifisert etter ansvar og tenesteområde. Kommunestyret vedtek nettoramme drift i samsvar med budsjettskjema 1A,

fordelt på formannskapet, komiteane og Stord vatn og avlaup KF inklusiv overføring til fagområda veg, trafikk og parkering¹, spesifisert etter ansvar og tenesteområde.

4. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet som hovudregel per investeringsprosjekt i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B.

5. Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter.

Rådmannen skal etter same reglement utarbeida eit samla framlegg til økonomiplan og budsjett som grunnlag for kommunestyret si behandling. Budsjettet skal vera realistisk, fullstendig og i balanse. Driftsbudsjettet skal angi netto driftsramme pr. komité og tenesteområde. Rådmannen sitt framlegg skal bygge på vedteken økonomiplan og andre føresetnader vedteke av kommunestyret, og vera konsekvensvurdert i høve endra føresetnader og vilkår.

Komiteane skal i sin tur fordela nettorammer drift i vedteke rammebudsjett på dei ulike resultateiningane innanfor sine ansvarsområde. Rådmannen vil utarbeida framlegg til fordeling for komiteane på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 20. november.

¹ Fagavdeling for veg, trafikk og parkering er etter vedtak i kommunestyret flytt over til basisorganisasjonen frå og med 2015.

3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

3.1 Overordna analyse	10	3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar	17
3.1.1 Demografi og kommuneøkonomi.....	10	3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar	17
3.1.2 Overordna kostra-analyse	14	3.2.6 Rente og avdragskompensasjon	17
3.2 Økonomiske føresetnader	16	3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad	18
3.2.1 Frie inntekter	16	3.3 Eigedomsskatt	19
3.2.2 Skjønsmidlar	17	3.4 Investeringsplan/konsekvensjustert	
3.2.3 Momskompensasjon.....	17	budsjett 2018-2023	20

3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader


3.1 OVERORDNA ANALYSE

3.1.1 Demografi og kommuneøkonomi

Kommunen har ansvar for m.a. barnehagar, grunnskule og pleie- og omsorgstenester. Dette er tenester som i hovudsak er retta mot bestemte aldersgrupper. Utgiftene til kommunen vert difor påverka av samansettinga og utviklinga innanfor desse gruppene – den demografiske utviklinga.

Ved årsskiftet 2013/2014 var det 18 425 innbyggjarar i Stord kommune. Stord kommune er ein vekstkommune og veksten har vore aukande; i åra 1994-2004 var veksten i gjennomsnitt 0,5 % i året, 2004-2013 var talet 1,1 %. Frå 2013 til 2014 auka folketalet med 264 personar eller 1,5 %. Veksten kjem i hovudsak frå innvandring; netto innvandring var 186 personar i 2013. Dei største innvandrargruppene i Stord kjem frå Polen og Tyskland. Kommunen hadde i 2013 eit fødselsoverskot på 78 personar. Fødselstalet har vore aukande sett over ein tiårs-periode.

Ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) vil folketalet i Stord auka med 3 910 personar eller 21,2 % fram mot 2030. Den framskrivne veksten er større enn for fylket (18,8 %) og for landet (16,4 %)².



Stord har enno ein relativt ung befolkning. Men stordabuen vart i snitt 89 dagar eldre i 2013. Innbyggjarar over 67 år utgjorde 12,2 % 1.1.2014. Tilsvarende for fylket og landet var 13,1 og 13,7 %. Tabellen under nyttar tilnærma same inndeling i aldersgrupper som inntektssystemet opererer med.

² Faktisk utvikling 2000-2014 vidareført.



Prosentdel av innbyggjarane i ulike aldergrupper 1.1.2014. Kjelde SSB

	STORD	HORDALAND	LANDET
0-5 år	8,1	7,7	7,4
6-15 år	13,7	12,4	12,1
16-66 år	66,0	66,9	66,9
67-79 år	8,6	8,8	9,4
80-89 år	3,0	3,4	3,5
90 år og eldre	0,6	0,9	0,8
0-66 år	87,8	86,9	86,3
67 år og eldre	12,2	13,1	13,7

Kommunen vil få ein auke i eldre personar, ein moderat auke dei næraste åra (i planperioden), og relativt kraftig vekst etter 2020. SSB ventar også vekst i dei yngste aldersgruppene, barnehageborn og skuleborn, dei neste åra. Frå 2014 til 2030 føreskriv byrået ein vekst i aldersgruppene 0-5 og 6-15 år på høvesvis 15,7 og 20,4 %.

Til samanlikning er det anslått ein vekst på 21,2 % for heile kommunen i same periode.

Figurane under viser utviklinga for desse aldersgruppene, indekstert slik at nivået i år 2000=100.



Framskriving av folketalet i Stord kommune, økonomiplanperioden 2015-2018 fordelt på aldersgrupper (kjelde SSB)

	2014	2015	2016	2017	2018
0-5 år	1 485	1 521	1 506	1 498	1 534
6-15 år	2 530	2 537	2 575	2 596	2 637
16-66 år	12 158	12 280	12 443	12 572	12 679
67-79 år	1 593	1 668	1 733	1 832	1 899
80-89 år	549	562	572	589	587
90 år og eldre	110	114	118	120	129
Sum	18 425	18 682	18 947	19 207	19 465

Folketalsutviklinga og alderssamansettinga har stor innverknad på dei statlege overføringane til kommunen. Meininga er at rammetilskotet skal reflektera at dei ulike aldersgruppene ikkje kostar kommunekassa det same. Yrkesaktive klarar seg stort sett sjølve, medan dei yngste skal ha skule- eller barnehageplass. Dei eldste skal ha tilbod om omsorgstenester.

På bakgrunn av SSB sine framskrivingar for 2014 er det berekna at Stord kommune kan få meirutgifter på om lag 17 mill. kr i 2015. Veksten i alle aldersgrupper trekker i retning av auka utgifter for kommunen.

**Stord kommune, berekna meir- og mindreutgifter i 2015 knytt til venta demografisk utvikling (kjelde SSB/
 Teknisk berekningsutval)**

	VENTA ENDRING I FOLKETAL 2014 MEIR-/MINDRE-UTGIFT 2015		MEIR-/MINDRE-UTGIFT 2015 (1000 2014-KR)
	Personar	%	
0-5 år	36	2,4	5 476
6-15 år	7	0,3	1 014
16-18 år	-13	-1,6	-2 557
19-66 år	135	1,2	2 375
67-79 år	75	4,7	4 324
80-89 år	13	2,4	2 139
90 år og eldre	4	3,6	1 667
Sum	257	1,4	14 439
Sum ekskl. 16-18 år			16 996

I økonomiplanperioden 2015-2018 er kommunen venta å få auka utgifter som følgje av demografiske endringar med i overkant av 60 mill. kr. Fleire born og unge trekker i retning av auka utgifter til barnehage og grunnskule, fleire eldre trekker i retning av auka utgifter til pleie- og omsorgstenester.

Stord kommune. Berekna meir-/mindreutgifter knytt til den demografiske utviklinga i økonomiplanperioden 2015-2018, faste 1000 2014-kr (kjelde SSB/TBU)

	2015	2016	2017	2018	2015-2018
0-5 år	5 476	-5 022	-1 771	4 990	3 672
6-15 år	1 014	5 506	3 043	5 940	15 502
16-18 år	-2 557	-2 163	1 180	-3 933	-7 473
19-66 år	2 375	3 096	2 287	2 148	9 907
67-79 år	4 324	3 749	5 709	3 865	17 647
80-89 år	2 139	1 645	2 797	-329	6 253
90 år og eldre	1 667	1 667	834	3 751	7 919
Sum	14 439	8 478	14 078	16 432	53 428
Sum ekskl. 16-18 år	16 996	10 642	12 898	20 365	60 901

3.1.2 KOSTRA- og effektivitetsanalyse

Ifølgje KOSTRA brukte Stord kommune mindre pengar (dreiv meir effektivt) enn gjennomsnittet av norske kommunar i 2013. Dette mindreforbruket er anslått til 45 mill. kr. Men det er då ikkje omsynsteke at Stord har om lag 1,3 % lågare utgiftsbehov enn gjennomsnittskommunen i 2013. Om ein tek dette «normerte utgiftsnivået» med i berekningane hadde kommunen ei mindreutgift i høve til snittet på rundt 32,5 mill. kr i 2013.

Stord kommune. Ressursbruk/prioritering sett i samanheng med berekna utgiftsbehov. 2013. (kjelde KOSTRA konsern, KMD, berekningar utført av Telemarksforsking)

	BEREGNET UTGIFTS- BEHOV 2013	NETTO DRIFTSUTGIFTER 2013			MER-/MINDREUTGIFT IFT.	
		Stord kommune kr pr innb	Lands-gjennomsnitt kr pr innb	Stord "normert nivå" kr pr innb	Lands-gjennomsnittet 1000 kr	"Normert utgiftsnivå" 1000 kr
Barnehage	1,0616	7 338	7 416	7 873	-1 439	-9 860
Administrasjon	0,9373	3 415	3 885	3 641	-8 658	-4 167
Grunnskole	1,1106	12 537	11 912	13 229	11 516	-12 754
Pleie og omsorg	0,8860	13 688	15 245	13 506	-28 689	3 345
Kommunehelse	0,9603	1 915	2 132	2 048	-4 006	-2 446
Barnevern	0,9986	1 358	1 605	1 603	-4 563	-4 520
Sosialhjelp	0,8161	1 558	2 051	1 673	-9 077	-2 127
Sum	0,9875				-44 915	-32 529
Sum inntektsjust.						11 880

Men når ein i tillegg justerer for at kommunen sine frie inntekter ligg på 95 % av landsgjennomsnittet, finn ein at Stord kommune likevel har eit meirforbruk i høve til normert nivå på om lag 12 mill. kr. Det berekna utgiftsnivået er ikkje nødvendigvis ein fasit på «riktig» nivå, og det seier heller ikkje noko om kvalitet, men er ein illustrasjon på korleis kommunen har tilpassa sitt forbruksnivå i høve til utgiftsbehov og nivået på frie inntekter. Det er likevel ein indikator på at ein er på rett veg at «meirforbruket» i 2012 var i overkant av 30 mill. kr.

Netto driftsutgifter syner korleis kommunen prioriterer dei ulike tenesteområda. Ei teneste kan ut frå dette seiast å vera høgt prioritert om kommunen nyttar ein stor del av ressursane sine på denne tenesta. Tabellen under viser del av netto driftsutgifter på tenesteområda som inngår i kostnadsnøkkelen til det kommunale inntektssystemet, følgeleg vert ikkje summen lik 100. Mellom anna er ikkje tekniske tenester og kultur med.

**Del av samla netto driftsutgifter på tenestoområda som inngår i kostnadsnøkkelen i inntektssystemet.
 Tal i prosent (kjelde KOSTRA konsern, berekningar ved Telemarksforsking)**

	2011	2012	STORD 2013	K-GR. 8 2013	LANDET 2013
Administrasjon og styring	7,0	6,7	7,5	7,7	7,6
Barnehage	15,7	17,4	16,0	15,2	14,5
Grunnskole	29,7	28,6	27,9	26,8	23,6
Pleie og omsorg	32,3	31,9	29,9	28,7	29,8
Kommunehelse	4,4	4,5	4,2	3,9	4,2
Samhandling	:	2,5	2,5	2,1	1,9
Sosialtjenesten	4,2	4,4	4,2	4,7	5,4
Barnevern	2,8	2,9	3,0	3,4	3,1
Sum	96,1	98,9	95,2	92,5	90,1

Auken i administrasjonsressurs i 2013 skuldast kostnader med å innføra eigedomsskatt.

3.2 ØKONOMISKE FØRESETNADER

Økonomiplanen og årsbudsjettet er sett opp etter dei rammeføresetnadene som vart gjeve sentralt gjennom kommuneproposisjonen i juni og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett.

3.2.1 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlege tilskot, og er hovudfinansieringskjelda til kommunen. Prisindikatoren for 2015 er i framlegget 3,0 prosent. Prisindikatoren blir nytta til prisjustering av statleg rammeoverføring og øyremerka tilskot i statsbudsjettet og består av lønsvekst (3,3 prosent) og venta prisvekst varer og tenester (2,5 prosent).

Skatteøyret for kommunane er i 2014 11,4 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,25 prosent for 2015. Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 med 4,7 prosent. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år. Lågare skatt i 2014 skal ikkje ha innverknad på inntektsnivået i 2015. Kommunen skal i sitt budsjettarbeid ta utgangspunkt i statsbudsjettet sin prognose for frie inntekter men justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Folketalsutviklinga fram til 1. januar 2015 vil påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Budsjettforslaget bygger på kommunen sin skatteinngang dei tre siste åra og utviklinga i 2014. Framlegget er utarbeida på bakgrunn av KS sin prognosemodell og legg til grunn ei skatteinntekt på kr 489 325 000 i 2015. Det inneber ei forventning om at Stord kommune får ei skatteinntekt som ligg på 99,9 prosent av landsgjennomsnittet og ein nominell vekst i dei frie inntektene frå 2014 til 2015 på 2,9 prosent.

Enkeltelementa i frie inntekter (skatt og rammetilskot), 1000 kr

	2014	2015	2016	2017	2018
Innbyggartilskot	416 941	416 630	431 748	445 490	459 093
Utgiftsutjamning	-10 537	-9 108	-9 515	-9 900	-10280
Overgangs- og nyordningar (INGAR)	-1 123	-1 178			
Særskilt fordeling	868	1 720	1 720	1 720	1 720
Ordinært skjønn	2 100	1 900	1 900	1 900	1 900
Skjønn - tap endringar av inntektssystemet	700	700	700	700	700
Endring saldert budsjett 2014	-2 943				
Kompensasjon Samhandlingsreforma	1 849				
Revidert nasjonalbudsjett	647				
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	408 501	410 664	426 553	439 910	453 134
Netto inntektsutjamning	-6 040	-6 293	-6 470	-6 648	-6 822
Sum rammetilskot	402 461	404 371	420 083	433 262	446 311
Skatt på inntekt og formue, vårt anslag	466 149	489 325	503 116	516 908	530 484
Sum frie inntekter, avrunda, ekskl. eigedomsskatt	868 600	893 700	923 200	950 200	976 800
Eigedomsskatt	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
Sum frie inntekter, avrunda inkl. eigedomsskatt	908 600	933 700	963 200	990 200	1 016 800
Endring i dei frie inntektene (%)	4,2	2,9	3,3	2,9	2,8
Endring i dei frie inntektene (%) korrigert for eigedomsskatt	1,4	2,8	3,2	2,8	2,7

Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 2,9 % i året, befolkningsendring i samsvar med folketalsframskriving for kommunen samt dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet.

3.2.2 Skjønsmidler

Fylkesmannen har tildelt kommunen 1,9 mill. kr. i skjønsmidler i 2015, mot 2,1 mill. kr. i 2014. Fylkesmannen grunnjev tildelinga slik:

«Kommunen er eit regionsenter med stor innpendling av studentar til høgskulen og arbeidarar i industriverksemdene. Det er mange utanlandske arbeidarar. Det gir særleg press på helse-tenesta, språkopplæring m.m. i kommunen.

Kommunen har høge utgifter til rusomsorg. Utgiftene er høgare enn for samanliknbare kommunar. Det er inngått samarbeid med Kirkens bymisjon om å gi rusmisbrukarar eit tilbod om arbeid.

Kommunen har låg dekning av institusjonsplassar. Det er behov for store investeringar i denne samanhengen. Kommunen står også framfor investeringar i skulebygg og gravplass.

Kommunen (som konsern) har akkumulert rekneskapsunderskot. Det står att underskot for to kommunale føretak med til saman kr 11,5 mill. kr. ved utgangen av 2013, som er planlagt dekt inn i 2014.

Kommunen innførte i 2012 eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskatten er i 2013 utvida til også bustader og fritidseigedomar.»

3.2.3 Momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert moms på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestillta eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester. Kommunen budsjetterer momskompensasjon lik meirverdiavgift både i drifts- og i investeringsbudsjettet. I driftsbudsjettet utgjør dette kr 14,8 mill. kr, i investeringsbudsjettet kr 5,2 mill.

3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar

Kommunen mottok årleg 1,6 mill. kr. i tilskot for at det er asylmottak i kommunen. Denne inntekta skal kompensera Stord sine meirutgifter som vertskommune for mottaket.

Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 15,7 mill. kr. i 2015 og prisjustert i økonomiplanperioden. Ved busetting av flyktningar mottok kommunen 696 200 kr for kvar vaksen flyktning som vert busett, kr 746 200 for einsleg vaksen og 696 200 for born. Integreringstilskotet vert utbetalt over 5 år. Ein kan og få barnehagetilskot, særskilt tilskot til einslege mindreårige, eldretilskot og ekstra tilskot til personar med kjende funksjonshemmingar. Budsjettforslaget legg til grunn eit mottak av 20 flyktningar, familiesameining kjem i tillegg. Kommunestyret vil ta stilling til spørsmålet i møte 16.oktober.

3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei vert 67 år. Forslag til statsbudsjett legg opp til følgjande for 2015:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka pr. brukar frå kr 1 010 000 til kr. 1 080 000 for netto utgifter i 2014. Denne auken i innslagsnivå er større enn pårekna lønsvekst frå 2013 til 2014. Føremålet med auken i innslagsnivå utover lønsvekst, er å stramma tilskotsordninga noko inn.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2015 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2014. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i same året som utgiftene har vore.
- Til frådrag kjem rammetilskot for psykisk utviklingshemma. Frådraget er auka frå kr 576 000 til kr 589 000.

Kommunen er venta å ha 39 brukarar i 2015 som samla vil gje eit tilskot på 45,5 mill. kr. Nivået på tilskotet er vidareført i planperioden.

3.2.6 Rente og avdragskompensasjon

Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg, husbanken antar at denne vert på kr 1,674 mill. i 2015. Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjør 3,271 mill. kr i inntekt. Av dette er 2,351 mill. kr for avdrag og 0,920 mill. kr rente. Rehabilitering av kyrkjebygg gir rentekompensasjon med kr 0,224 mill. kr i 2015. For skuleanlegg som vart utbygd som del av reform 97 reknar kommunen med å ta imot kr 0,873 mill. i 2015. Samla rente- og avdragskompensasjon er budsjettert med 6,044 mill. kr.

3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad

Statsbudsjettet legg opp til ein årslønnsvekst på 3,3 prosent. Denne er fylgt opp i budsjettframlegget, basert på eit overheng frå 2014 på 1,7 prosent og eit berekna datolønns tillegg per 1.5.2015 på 2,48 prosent, med heilårsverknad 1,6 prosent. Det er forslag om å setja av kr 8,1 mill. i lønsreserve i 2015. Berekna samla lønsvekst i 2015 inklusive overheng frå 2014 utgjør om lag 34,1 mill. kr.

Kommunen budsjetterer pensjonskostnader i samsvar med kommunaldepartementet sine reglar for pensjonsføring med 7 års avdragstid på premieavviket. Premieavvik opparbeida før 2014 vert amortisert over 10 år. Premieavvik opparbeida før 2012 vert amortisert over 15 år. Kommunen har motteke budsjettoppgåver frå KLP og Statens Pensjonskasse. Kommunen har eigenrisiko på AFP-ordninga. Pensjonsleverandørane har berekna premien for 2015 utifrå erfaringstal. Berekna pensjonspremie for sjukepleiarane i KLP-ordninga er budsjettet med 19,11 prosent, for andre tilsette i KLP-ordninga 19,23 prosent av pensjonsgrunnlaget. Det er og budsjettet med ein reguleringspremie på kr 30,2 mill. kr. Det inneber at pensjonskostnaden til KLP i 2015 vert 3,1 mill. kr høgare enn i 2014. I høve til berekninga for 2014 har KLP gjort endringar som fylgje av levealdersjustering og endring i uførepensjonsreglar. Redusert amortiseringstid og auka rentegarantipremie gjer at samla pensjonskostnad aukar. Dei tilsette dekkjer 2 prosent av pensjonsgrunnlaget.

Statens pensjonskasse (SPK) har varsla om ein premie på 13,55 prosent inklusiv tilsette sin 2 prosent-del. Dette er ein reduksjon i premien på 0,7 prosent. Likevel har pensjonskostnaden til SPK auka med 3,3 mill. kr.

Premieavviket for 2015 er budsjettet med 15,6 mill. kr, i tillegg kjem 2,2 mill. kr i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2015 og amortisert (utgiftsført) over 7 år frå og med 2016, saman med premieavvik frå tidlegare år. Høg lønsvekst og låge renter har over tid bidrege til auka pensjonskostnader.

1000 kr (inkludert arbeidstakardel 2%)	Sum 2014 (budsjett)	KLP 2015	SPK 2015	Sum 2015	Endring i høve til 2014
Premie (pensjonsutgift)	98 115	77 518	18 712	96 230	-1 885
Berekna pensjonskostnad	79 870	65 543	22 907	88 450	8 580
Premieavvik	-23 457	-20 387	4 714	-15 673	4 714
Amortisering av tidlegare premieavvik	5 122	8 412	-519	7 893	2 771

Utgifta (premien) er det me vert fakturert frå pensjonsleverandøren og utgjør ein likviditetsmessig belastning.

Kostnaden er det som vert bokført i rekneskapen, og påverkar årsresultatet.

Premieavviket er ein komponent av desse to elementa, og reduserer utgifta frå 96,2 mill. til 88,4 mill. kr i kostnad.

3.3 EIGEDOMSSKATT

Det er ikkje lagt opp til å auka skattesatsane. På bakgrunn av innkoma i 2014 er det budsjettert med slike brutto skatteinntekter i 2015:

Budsjetterte inntekter eigedomsskatt	
Bustader og fritidseigedomar 2 ‰	24 381 400
Verk og bruk 4 ‰	8 402 700
Annan næringseigedom 4 ‰	7 215 900
Sum	40 000 000

Det vert gjort framlegg om at skatten skal betalast inn i fire terminar. Innkrevjinga vert samordna med kommunen sine øvrige eigedomsavgifter.

Kommunen sitt eigedomsskattekontor er administrativt organisert under økonomiavdelinga. Det er inngått rammeavtale med takseringsfirma for å gjennomføra løpande taksering av nybygg og endringar. Årskostnad med forvaltning av ordninga med eigedomsskatt er rekna til 0,9 mill. kr.

Budsjettforslaget legg opp til at eigedomar som i 2013 og 2014 har fått fritak etter eigedomsskattelova § 7 også skal ha fritak i 2014. Dette gjeld følgjande eigedomar:

Gards- og bruksnr.	Eigarforhold	Føremål/kommentar
28/225	Lio burettslag	Omsorgsbustader
38/281 og 252, 55/219	Tunet burettslag	Omsorgsbustader
45/275, 309	Sæbøhaugen burettslag	Omsorgsbustader
44/275	Opero as	Attføringsverksemd
44/330	Opero as	Attføringsverksemd
27/633	Opero as	Attføringsverksemd
46/168	Podlen verkstad as	Tilrettelagd arbeidsplass
27/537	Stord kommunale eigedomsselskap as	Kommunalt føremålsbygg
46/135	Stord kommunale eigedomsselskap as	Kommunalt føremålsbygg
27/8	Eli Gundersen mfl	Bygget er leigd ut til Sunnhordland museum (fritak etter §7b)
38/287, seksjonsnr. 4	Bandadalen burettslag	Omsorgsbustader

Kommunestyret vedtok som del av budsjettvedtaket for 2013, pkt h), at etter nedbetaling av akkumulert underskot skal inntekter frå eigedomsskatt gå til investeringar innanfor helse/omsorg og skule. Vedtaket er følgt opp i budsjettforslaget ved at inntektene frå eigedomsskatt foreslått disponert til finansiering av investeringar.

3.4 KONSEKVENJUSTERT DRIFTS- OG INVESTERINGSBUDSJETT 2018-2024

Det er også i år utarbeida ei skisse til eit ti-års investeringsprogram, fram til og med 2024. Programmet tek utgangspunkt i budsjettforslaget og vedtekne sektorplanar, og syner konsekvensar av tiltaka i form av kapital- og driftskostnader.

Føremålet med å utarbeida ein slik prognose er at det skal vera eit hjelpemiddel for handsaming av budsjett og økonomiplan ved at ein får synleggjort driftskonsekvensane av investeringsprogrammet ut over økonomiplanperioden. Samstundes gjev det eit oversyn over prosjekt som ligg i sektorplanar m.m. Skissa vert følgjeleg eit konsekvensjustert drifts- og investeringsbudsjett for åra 2018-2024. Det gjev eit samla oversyn over planlagde investeringstiltak og konsekvensane av desse for driftsbalansen, og syner at det planlagde investeringsprogrammet vil gje monalege utfordringar for driftsbalansen.

4. Målstyring

4.1 Overordna målekart for Stord kommune 22

4. Målstyring

Kommunen sine overordna målsettingar ligg i kommuneplanen for 2010-2021. Kommunen skal i planperioden stimulera til at visjonen om å vera saman om utvikling og velferd vert realisert, ved å følgje opp målsetjingane innanfor desse områda:

- Byutvikling, senterstruktur og samferdsle
- Miljø, estetikk og trivsel
- Arbeid og næringsliv
- Oppvekst
- Rehabilitering, helse og omsorg
- Areal

Kommunen innførte i samband med 2013-budsjettet eit målstyringssystem som tok utgangspunkt i Kommunebarometeret. Barometeret er utarbeida av Kommunal Rapport og tek i tillegg til KOSTRA-tal utgangspunkt i data frå Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet og kommunaldepartementet.

Det er sett opp målekart i tilknytning til kommentarane for dei fleste sektorane. Det er ikkje relevante mål-data for alle tenesteområda i kommunen. Der Kostra er nytta i målekartet er det gjort ei samanlikning med resultatata for 2013 både for kommunen, landet og kommunegruppa (dei kommunane som er mest like oss i folketal og inntekt).

4.1 OVERORDNA MÅLEKART FOR STORD KOMMUNE

Målemetodane som er lagt til grunn i det overordna målekartet er i hovudsak basert på brukar- og medarbeidarundersøkingar som er utarbeidd av www.bedrekommune.no. Undersøkingane gjev eit bilete av kva brukarane meiner om tenestene og om vi må justere målsetnadene våre. Undersøkinga gjev også eit bilete av kva arbeidstakarane meiner om organisasjonen og om det er grunnlag for å justera målsetjingane for kommunen sine interne satsingsområde. Måleskalaen hjå bedrekommune.no, er frå 1-6, der 6 er best.

Når det gjeld vurdering av kvalitet på nettsidene våre, er målemetoden som er lagt til grunn i målekartet basert på Direktoratet for forvaltning og IKT si undersøking av kvalitet på nettsidene i offentleg sektor. Resultata og kriteria for undersøkinga er å finne <http://kvalitet.difi.no/resultat/>. Skalaen på resultatet er 1-6.

Sidan det kan vera samanheng mellom medarbeidarane sin tilfredsheit og kvalitet på tenestene er det viktig å kartlegge denne systematisk. Eit sentralt mål med kartlegginga er å skape grunnlag for forbetring i den enkelte eininga. For å få til dette må registrering skje på einingsnivå.

I 2014 vart det berre gjennomført brukarundersøking blant foreldre/føresette ved Stord kulturskule.

Dei tilsette i Stord kommune er den viktigaste ressursen for at me skal kunne yta kvalitet i tenestene våre. Dette gjer at me i større grad vil styrka det førebyggjande arbeidet med omsyn til det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet.

Stord kommune skal gjennom eit aktivt HMT-arbeid sørgja for trivnad og tryggleik for sine tilsette. Me skal arbeida for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, minst mogleg påverknad på ytre miljø og kontinuerleg forbetring av HMT arbeid i einingane.

Kommunen nyttar Kvalitetslosen til registrering av avvik og uynskte hendingar på HMT, kvalitet og organisasjon. Dei tilsette i kommunen vert oppmoda til å registrera avvik, og det er sett ei målsetjing om at kvar eining skal minimum registrera like mange avvik som eininga har årsverk, i perioden 2013-2015.

MÅLEKART	2015	2014 Snitt Stord	2013 Snitt Stord	2012 Snitt Stord
BRUKAR (I skala frå 1-6, er 6 best)	MÅL			
Brukarane er nøgd med samarbeid og brukarmedverknaden	>4,3	4,9	4,3	3,75
Brukarane og brukarrepresentantar opplever å bli møtt med respekt	>5,1	5,6	5,1	4,40
Brukarane er nøgd med tilgjenge på tenestene	>4,8	4,8	4,8	4,05
Brukaren er nøgd med tilgangen på informasjon om innhaldet i tenestene	>4,3	4,8	4,3	3,70
Brukaren er nøgd med den totale kvaliteten på tenestene (Heilskapsvurdering)	>4,9	5,0	4,9	3,95
Direktorat for forvaltning og IKT er nøgd med den totale kvaliteten på nettstaden i kommunen	5		5	6
MEDARBEIDARAR (I skala frå 1-6, er 6 best)				
Deltakarprosent på medarbeidarundersøkinga	>68 %		64 %	
Medarbeidaren er nøgd med arbeidssituasjonen sin	>4,7		4,5	
Medarbeidarane bidreg aktivt til å nå verksemda sine mål	>5,0		4,9	
Medarbeidarane opplever å ha naudsynt kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver	>4,8		4,8	
Medarbeidarane løyser felles arbeidsoppgåver på sin arbeidsplass på ein god måte	>4,9		4,9	
Medarbeidarane opplever at næraste leiar gjev deg tilstrekkeleg attendemelding på den jobben han gjer	>4,2		4,0	
Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling	>3,9		3,9	
Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling	>3,9		3,9	
HMT – Helse, miljø, tryggleik				
Sjukefråvær %	7,50 %	9,18 % per 30.06	3,3	2,9
Korttidsfråvær <16 dagar	2,40 %		2,45 %	2,53 %
HMT avvik registrert i Kvalitetslosen	925			
Hendingar med arbeidsrelatert skade	0			
Økonomi, maksimum avvik i høve vedtekne budsjetttrammer	0,5 %			-0,1 %
Kommunebarometeret, rangering blant landets kommunar	>218			

5. Budsjettområda, drift og investeringar

5.1 Formannskapet.....	26	5.4.3 Bibliotek	38
5.1.1 Politisk	26	5.4.4 Brann, redning og feiing	39
5.1.2 Administrasjon, fellesutgifter	26	5.4.5 Beredskap.....	40
5.1.3 IKT.....	27	5.4.6 Landbruk, miljø og næring.....	40
5.1.4 Folkehelse	27	5.4.7 Sunnhordland lufthamn as.....	40
5.1.5 Overordna planlegging, kommunal planstrategi	28	5.4.8 Regulering, byggjesak, oppmåling.....	41
5.1.6 Kyrkja, kyrkjegardar.....	28	5.4.9 Fagavdeling for veg, trafikk og parkering (VTP)	42
5.2 Driftsstyret.....	29	5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg.....	43
5.2.1 Effektivisering/stillingsgruppa	29	5.5.1 Sosialtenester, NAV.....	45
5.2.2 Los-utvalet/prosjekt «saman om ein betre kommune».....	29	5.5.2 Sosial og førebyggjande tenester	45
5.2.3 Prosjekt arealeffektivisering	29	5.5.3 Habilitering.....	46
5.3 Komité for oppvekst og utdanning	30	5.5.4 Institusjonsdrift.....	46
5.3.1 Skule, SFO	31	5.5.5 Aktivitet og rehabilitering	47
5.3.2 Barnehagar	33	5.5.6 Heimebaserte tenester	47
5.3.3 Kulturskulen	35	5.5.7 Kundetorget.....	47
5.3.4 Barnevern	36	5.5.8 Bustader for personar med særskilte behov.....	47
5.4 Komité for næring, miljø og kultur.....	37	5.5.9 Legetenesta.....	47
5.4.1 Kulturtenester.....	37	5.6 Kommunale føretak.....	48
5.4.2 Idrett og friluftsliv.....	37	5.6.1 Stord kommunale eigedom KF (SKE KF)	48
		5.6.2 Stord vatn og avlaup KF (SVA KF)	49

5. Budsjettområda, drift og investeringar

Samla inntektsramme for driftsbudsjettet for 2015 er 1,177 mrd. kr. Tekstdelen kommenterer som hovudregel endringar i høve til dagens situasjon; endra vilkår/rammer for drift og/eller endringar i tenestetilbodet.

Framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2015-2018 byggjer på gjeldande økonomiplan og sektorplanar. Alle investeringssummar med unntak for avgiftsområda er budsjettert med bruttotal (inkl. meirverdiavgift). Oversikta viser samla investering i kommunen og dei to kommunale føretaka. Oversikt over investeringsprosjekt og budsjett spesifisert på føretak og kommunen ligg i vedlegg til budsjettdokumentet.

Framlegg til samla investeringar pr. tenesteområde 1000 kr

	2015	2016	2017	2018	2015-18
Administrasjon og fellesfunksjonar	17 700	17 450	17 450	17 450	70 050
Bustad/næring/utbygging/grunnkjøp	4 200	1 000	1 000	1 000	7 200
Skule og barnehage	15 722	97 590	71 000	31 300	215 612
Helse og sosial	37 200	92 100	96 000	5 200	230 500
Kyrkje	8 200	2 700	6 200	6 500	23 600
Kultur, idrett	18 310	9 650	4 450	3 550	35 960
Brann, veg og grønt, teknisk	12 750	7 900	7 500	12 500	40 650
Stord hamn ³	30 430	1 160	800	550	32 940
Vassverk	35 800	66 200	66 700	64 500	233 200
Avlaup	62 640	79 300	80 000	69 100	291 040
Samla investering	242 952	375 050	351 100	211 650	1 180 752

Samla finansiering, investeringsbudsjett 1000 kr

	2015	2016	2017	2018	2015-18
Overføring frå drift/momskompensasjon	19 247	43 083	36 211	17 877	116 418
Overføring frå andre	1 650				1 650
Statlege overføringar	1 867	501	3 420	12 500	1 867
Sal av eigedom/bruk av fond	41 100	39 010	39 010	39 010	158 130
Sum eigenfin. /tilskot	63 864	82 594	78 641	69 387	294 486
Låneopptak finansiert over drift	50 218	145 796	124 959	8 113	332 574
Lån finansiert med inntekter (Stord hamn)	3 060	1 000	700	500	5 260
Sum lån ikkje sjølvfinansierande investeringar	50 218	145 796	124 959	8 113	332 574
Låneopptak avgiftsområdet	98 440	145 500	146 700	133 600	524 240
Samla finansiering	242 952	375 050	351 100	211 650	1 180 752

³ Låneopptaket til hamneføremål vert endeleg handsama i samband med budsjettet til Stord hamnestell. Det er likevel teke høgde for konsekvensane av låneopptaket i budsjettforslaget.

5.1 FORMANNSKAPET

5.1.1 Politisk

Utgifter til politisk arbeid er vidareført på 2014-nivå. Det er sett av kr 100 000 til disposisjon for formannskapet. Det er lagt inn ein vekst i løyvinga til kontrollutvalet på 3 prosent. I tillegg vert momskompensasjon tilført Kontrollutvalet med kr 202 252, slik at den totale ramma vert kr 1 114 505. Kontrollutvalet har i sitt budsjettforslag for 2015 lagt inn ei ramme på kr 1 243 000. Løyvinga i 2014 var kr 858 000. Rådmannen har på vanleg måte handsama Kontrollutvalet sitt budsjett som del av det samla kommunebudsjettet. Kontrollutvalet sitt sekretariat skriv om dette i si saksutgreiing til budsjettet, sjå vedlegg 7.14:

«I nokre kommunar vert budsjettet til kontrollutvala ferdig handsama og vedtekne, før budsjettprosessen i kommunen. Dette er ei rutine som Stord kommune igjen kan drøfta, om dei ynskjer å få innført ein slik rutine. Om Stord innfører denne rutinen, vil ein forhåpentleg vis unngå den usikkerheita og dei budsjettproblema som kontrollutvalet har opplevd og hatt røynsler frå dei siste åra.»

5.1.2 Administrasjon, interkommunal innkjøpsordning, fellesutgifter

Stord kommune er vertskap for Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum. Innkjøpsforumet har ein stillingsressurs på 160 prosent, Stord kommune dekkar i henhold til samarbeidsavtalen 20 prosent av lønskostnadene. Fellesprosjektet for innføring av elektronisk handel (e-handel) vart avslutta i 2013. Alle kommunane som har vore deltakarar i prosjektet er etablert på e-handelsplattforma, men verktøyet er i ulik grad teke i bruk. Prosjektet er gått over i driftsfasen, men det er behov for å få utført felles driftsoppgåver.

19 kommunar er søkt om å delta i eit sams driftsopplegg, det er lagt opp til at Stord kommune tek sin del (kr 26 000).

I samband med sak om konkurranseutsetting av reinhaldstenester er det gjort ei vurdering av trong for leiande reinhaldar. Denne skal følgje opp og kontrollere reinhaldstenestene og ha ansvar for administrative og praktiske oppgåver i høve avtalen med ISS Facility Services AS. Leiande reinhaldar/tingarfunksjonen er lagt til Stord kommunale eigedom KF med ein ressurs på 30 prosent.

I samband med sak PS 24/14, Kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stord kommune, sa kommunestyret at det ville vurdere ressursituasjonen ved skatteoppkrevjarkontoret i samband med revidering av budsjett og økonomiplan. Budsjettet legg ikkje opp til å styrka bemanninga på skattekontoret, ein viser til dei vurderingane som vart gjort i notat til formannskapet av 14.7.2014 om oversyn og vurdering av fordringar og tap m.m., der rådmannen m.a. skreiv følgjande:

«Skatteoppkrevjaren skreiv i sin rapport til kommunestyret i mai at kommunen går glipp av viktige inntekter som følgje av manglande personellressursar. Skatteoppkrevjaren meiner likevel at situasjonen er under kontroll, og at den vil betra seg utover hausten. Det heng saman med at medarbedar er tilbake frå permisjon, drift av eigedomsskattekontoret vert flytta frå skatteoppkrevjarkontoret, og kontoret er styrka med 30 prosent stillingsressurs.

Ein ser ikkje at kapasiteten på skatteoppkrevjarkontoret i Stord kommune er blitt svekka som følgje av at ein har teke på seg

skatteoppkrevjarfunksjonen for Fitjar kommune. Gjennomgangen over syner at Stord kommune bokfører relativt lite tap på fordringar og målsettinga må vera å halda tapa på eit absolutt minimum. Måloppnåinga i høve Skatt vest sine måltal for innfordring av skatt er jamt over god. Rådmannen vurderer alt i alt også tapsføringa for andre kommunale krav som å liggja på eit akseptabelt nivå.»

Kommunestyret godkjente i desember 2012 sykkelbyavtale med Statens vegvesen og Hordland fylkeskommune. Avtalen er fireårig, målsettinga er å gjera det meir attraktivt å velje sykkel som transportmiddel. Vegvesenet og fylkeskommunen skal etter avtala medverka med kvar kr 300 000 og kr 200 000, Stord kommune skal bidra med prosjektleiing. Sykkelbyavtalen er følgt opp med kr 150 000 til prosjektleiing.

5.1.3 IKT

IKT er eit sentralt verkemiddel både når det gjeld effektivisering og utvikling av kommunale tenester. Støtteining IKT driftar IKT-tenestene i kommunen og har eit særleg ansvar for å vurdere korleis ein møter den teknologiske utviklinga, korleis ein best nyttar den digitale teknologien og utviklar gode løysingar for digital sjølvbetening (e-forvaltning).

For 2015 vil det vera naudsynt å investere i infrastruktur som gjer det mogleg å gjennomføre kravet om digital kommunikasjon som hovudregel (SvarUT). Dette vil vera ei av hovudoppgåvene. Eit anna viktig oppgåve er å tilpassa økonomisystemet Agresso for bruk til innføring som følgje av at noverande løysing vert fasa ut av leverandøren. Andre prioriterte oppgåver i 2015 er:

- Innføre elektronisk sikkert arkiv for pleie og omsorg. Det er sett av kr. 765 000 til dette føremålet.
- Oppgradera serverrom, datasystem og infrastruktur til å stette krav om informasjonstryggleik kr 1mill. I dette inngår også ei sikker løysing for tryggleikskopi (backup) samt naudsynt lagringsplass ved innføring av digitale arkiv.
- Bygge ut infrastruktur for bruk av IKT i barnehagane. IKT skal brukast aktivt til planlegging, dokumentasjon og vurdering. Det er sett av kr. 440 000 til m.a. oppgradering av maskinvare og utbygging av trådløst nett.
- Tilpasse heimesidene for å betra kommunikasjon ut mot innbyggjarane. Det er sett av kr. 110 000 til dette formålet. Dette vil også vera eit viktig tiltak i forslaget til kommunikasjonsstrategi for Stord kommune, som vil verta fremja politisk i løpet av 2014.

5.1.4 Folkehelse

MÅLEKART Folkehelse

	MÅL			FOLKEHELSEPROFIL	
	2015	Stord 2013	Stord 2012	Grp. 8 2013	Landet 2013
Årsverk Friskliv pr 10.000 innbyggjarar	0,22	0,22	-		
Røyking gravide kvinner %	<12	12	16	12	15
Trivst på skulen, 10 klasse %	>77	77	76	82	84
Psykiske symptom og lidingar frå fastlege og legevakt pr 1000 innbyggjarar	<144	144	141	134	136
Tal hoftebrot pr 1000 innbyggjarar. Gjennomsnitt siste 3 år	<2,3	2,3	2,2	2,1	2,1
Hjarte- og karsjukd. behandla i sjukehus pr 1000 innb	<24	24	24	19	18
Fråfall vidaregåande skule	<21,2		21,2		
Gjennomførte Folkehelseforum	2	0	0		

Folkehelselova gjev kommunane eit ansvar for fremjing og styrking av folkehelsa. God helse blir skapt der me lever liva våre – i heimen, i nærmiljøet, på skulen/arbeidsplassen og i fritidsaktivitetar. Arbeidet med å fremje helse er eit felles ansvar for heile kommuneorganisasjonen. Alle sektorar og tenesteområde har faktorar som påverkar folkehelsa, og folkehelseindikatorar skal f.o.m. 2015 vere inkludert i dei ulike tenesteområda sine handlingsplanar.

Organiseringa av folkehelsearbeidet er forankra i dei politiske fagkomiteane. Frå 2014 er folkehelsearbeidet organisert med eit Folkehelseråd, som fungerer som styringsgruppe for arbeidet. Kommunane skal utarbeide oversikter over helsetilstanden til innbyggjarane og faktorene som kan verke inn på denne. Ei oversikt skal etter planen vere klart våren 2015. Kommunen har valt å leggje til rette for medverknad frå innbyggjarane

gjennom m.a. å arrangere Folkehelseforum kvart halvår. Forumet er ein møteplass der innbyggjarar kan formidle sine ønskjer og behov for at Stord skal vere ein god stad å leve.

Eit hovudmål for folkehelsearbeidet er å redusere sosial ulikskap i helse. Målet med folkehelsearbeidet er altså ikkje berre å redusere sjukdom, men å medverke til at alle får leve så gode liv som mulig – med eller utan sjukdom. Det er eit arbeidsmål å utvikla gode måltal for folkehelsa, val av måleindikatorar i budsjettet må vurderast med det for auga at ein ikkje er komen heilt i mål med dette arbeidet.

Frisklivssentralen har individuelle og gruppebaserte tilbod for personar som utifrå helseomsyn treng å endre levevanar. Tiltaka fokuserer mest på kosthald, fysisk aktivitet, meistring, sosial deltaking og røyking.

Røyking vert registrert ved førstegongs undersøking av gravide kvinner. Det kan visa korleis tobakksbruk har utvikla seg mellom unge kvinner. Hoftebrot er ei hending som gjev auka bruk av sjukehus og andre helse- og omsorgstenester. Det er vist gode effektar av relativt avgrensa førebyggjande tiltak, og Stord kommune er i ferd med å satsa på slike m a ved at Frisklivssentralen driv fallførebyggjande kurs.

Trivsel på skulen har nær samanheng med tilpassing til dei krav som samfunnet stiller vidare i livet. Psykiske plager og lidingar viser nær samanheng med funksjonssvikt og trong for offentlege kostnadskrøvande tiltak. Hjarte-karsjukdom er knytt til livsstil, i tillegg til arvelege eigenskapar. Gjennomføring av vidaregåande opplæring har sterk samanheng med seinare sosioøkonomisk status, og er sentralt for å redusere sosiale helseskilnader.

I budsjettet for 2015 ligg det inne lønsmidlar til 40 % folkehelsekordinator, som er likt 2014. Som medlem av Partnerskap for folkehelse i Hordaland, kan kommunen også i 2015 søkje om inntil kr 150 000 i tilskot til forankring og utvikling av folkehelsearbeidet.

5.1.5 Overordna planlegging, kommunal planstrategi

Kommunestyret vedtok i desember 2012 Kommunal planstrategi for Stord kommune. Dette er eit nytt verktøy i kommuneplanlegginga som har som føremål å klargjera kva for planoppgåver kommunen bør prioritera for å leggja til rette for ei ønska utvikling. Planstrategien erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i tidlegare plan- og bygningslov. Det er lagt inn kr. 200 000 til oppfølging av planstrategien i 2015.

Kommunen sin vedtekte planstrategi skal seinast reviderast i 2016, seinast eit år etter konstituering av nytt kommunestyre. Planstrategien omfattar ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i perioden. Den vedtekte planstrategien la til grunn at det nett var vedteke ny kommuneplan og at det difor ikkje vart vurdert som aktuelt å gjera framlegg om å setja i gang arbeid med revisjon av kommuneplanen i perioden. Rådmannen ser no behovet for å revidera planstrategien alt i 2015 m.a. fordi ein ser behovet for å setja i gang arbeid med revisjon av kommuneplanen i 2015. Grunngevinga for dette den store utbyggingsaktiviteten i kommunen og fleire nye arealinnspel som ikkje er avklart i gjeldande kommuneplan, m.a ser rådmannen behovet for at pågåande kommunedelplanarbeid for E39 Heiane-Ådland/ Nordre Tveita og private utbyggingsønske i Studalen-/ Vabakken-/Langelandområdet framskandar behovet for å få eit godt heilskapleg grep om framtidig arealbruk og utvikling langs aksene Heiane-Vabakken. Vidare meiner rådmannen at arbeidet med den interkommunale strandsoneplanen som no nærmar seg slutføring best kan implementerast i kommunen sine eigne planar gjennom revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Planstrategien vil då verta utarbeidd som innleing til og del av planprogrammet til revisjon av kommuneplanen.

Større planarbeid i 2015 vil elles vera kommunedelplan for Sagvåg og Litlabø, kommunedelplan for E39 Heiane-Ådland/ Nordre Tveita, ferdigstilling av kommunedelplanane for avlaup- og vassmiljø 2015-2026, for vassforsyning 2015-2026, for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2025, kommunedelplan for barnehagar 2015-2025 og ferdigstilling av områderegulering

Sævarhagen-Haga-Nedre Økland. I statleg regi vil det verta utarbeidd kommunedelplan for E39 vidare nordover mot Bergen.

5.1.6 Kyrkjeleg fellesråd

Stord kyrkjelege fellesråd melder om tronge driftsbudsjettet og at det i det store og heile handlar om å ivareta den daglege drifta og dei lovpålagde oppgåvene. Driftstilskotet til Stord kyrkjelege fellesråd er foresått auka med 3 prosent til kr 7 430 419. Stord kommunestyre vedtok i sak PS 48/14 i tillegg å auka festeavgifta i kommunen frå kr 150 til kr. 250, som er venta å gje ei meirinntekt for fellesrådet på kr. 130 000 per år.

Stord kommunestyre innførte i desember 2008 ei ordning med eit tilskot på kr 5 000 til etterletne som vel kremasjon, med siktemål å auka bruken av urnegraver. Ordninga er vidareført i 2015-budsjettet.

Det er på investeringsbudsjettet sett av 1,5 mill. kr kvart år til vidare rehabilitering av kyrkjene og 0,2 mill. kr til utstyr. Det er lagt til grunn at rehabilitering av klokkeårnet på Nysæter kyrkje og innkjøp av Raider plenklyppar vert finansiert over desse løyvingane i 2015.

Ved Nysæter gravplass er det ledig ni enkle og 23 doble kistegraver. Det er såleis trong for rask utviding av kapasiteten på kyrkjegarden. Stord kommunale eigedom KF har prosjektert utvidinga og legg opp til byggjestart og ferdigstilling av første byggjesteg i 2015. Prosjektet har ei kostnadsramme på 6 mill. kr. Kapasiteten på den nye gravplassen er så langt ikkje berekna, men første byggjesteg kan grovt rekna gje om lag 400 nye graver. Med det vil kapasiteten i soknet venteleg vera dekkja i 15-20 år frametter.

Den nye gravplassen i Frugarden med 500 plassar vart teken i bruk i 2014. Statens vegvesen har sett rekkjefølgjekrav slik at ein berre kan ta i bruk 500 gravar før prosesjonsveg er ferdig opparbeidd. Det er sett av kr 200 000 til regulering av ny prosesjonsveg i Frugarden i 2015 og henholdsvis 1 og 3,5 mill. i investeringsmidlar i 2016 og 2017.

5.2 DRIFTSSTYRET

Driftsstyret sitt ansvarsområde er i hovudsak kommunen sin overordna personalpolitikk og organisasjons- og administrasjonsspørsmål. Fellespotten for kurs og utdanning er i budsjettforslaget lagt inn med kr 200 000 i 2015, ein auke på kr. 56 000 i høve 2014. Samla løyving til føremålet ligg på om lag 2,98 mill. kr, som utgjør i overkant av kr 3 000 per årsverk i kommunen. Det er lagt opp til at kommunen også i 2015 skal ta inn 19 lærlingar.

5.2.1 Stillingsgruppa

«Stillingsgruppa» er eit partssamansett administrativt utval som løpande vurderer ledige stillingar. Innsparingskravet til gruppa er vidareført i 2015 med 1,5 mill. kr.

5.2.2 LOS-utvalet/Prosjekt

«Saman om ein betre kommune»

LOS-utvalet låg både i 2013 og 2014-budsjettet inne med innsparingskrav på 2,25 mill. kr. Det er ikkje lagt inn forventningar om innsparing i 2015-budsjettet, og rådmannen gjer framlegg om at trepartssamarbeidet vert vidareført i prosjektet «Saman om ein betre kommune». Den kommunale delfinansieringa av 'saman om' (kr 200 000) ligg inne i budsjettet.

5.2.3 Prosjekt arealeffektivisering

Kommunestyret handsama forstudien på prosjektet i juni i sak PS 33/14 og gjorde slikt vedtak:

1. Kommunestyret tek forstudiet til «Prosjektet arealeffektivisering» til orientering.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføra eit forprosjekt slik det går fram av saksutgreiinga
3. a) Kommunestyret ønskjer å nytta forkjøpsretten til Blåbygget, jf. avtale med Aktum Eigedom og Invest AS av 12. januar 2000, og gjev Stord kommunale eigedom KF fullmakt til å kjøpa eigedomen til avtala pris. Spørsmålet om finansiering vert å koma attende til i budsjetthandsaminga.

b) Kommunestyret ber Stord kommunale eigedom KF i ei eiga sak å vurdere ulike modellar for avhending/utvikling av kommunen sin eigedom gnr 25 bnr 1 Sævarhagen, og utleige av ledig areal i Ske-bygget på Rundehaugen.

c) Kommunestyret legg til grunn at rådmannen som del av desse vurderingane vurderer alternativ plassering av dei tenestene/tilboda som i dag held til i Sævarhagen og i Blåbygget.
4. Kommunestyret ber rådmannen revurdere arealbehovet for Vaksenopplæringa, og om alternative driftsformer kan redusere arealbehovet.
5. Kommunestyret ber rådmannen vurdere 2+3 høgda i Backertunet for omdisponering til omsorgsbustader og/eller sjukeheimplassar.

Forprosjekt vil bli fremja for kommunestyret på nyåret 2015. Løyving frå 2014 er vidareført i 2015-budsjettet. Det er ikkje forslag om nye løyvingar. Det er ikkje grunnlag for å leggja inn innsparingar som følgje av prosjektet frå 2015, jf. kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2014.

5.3 KOMITÉ FOR OPPVEKST OG UTDANNING

Komité for oppvekst og utdanning vedtok i PS 12/2014 «Plan for kvalitetsutvikling – fokusområde for oppvekst 2014-2017». Planen omhandlar dei områda tenestene skal ha spesiell fokus på fram til og med 2017, for å sikra ei kvalitetsutvikling i samsvar med nasjonale og lokale føringar. Dei ulike områda i planen er valt ut frå ei vurdering av innhald og resultat i tenestene i Stord kommune sett opp mot målsettingar i nasjonale styringsdokument for oppvekst. Vurderingane er gjort på grunnlag av ulike undersøkingar og kunnskap om situasjonen i tenestene.

I følgje folkehelselova skal alle kommunale tenesteområde medverka til å fremja folkehelsa. Tenesteområde for barn og unge har eit særskilt ansvar, då innsats i ung alder vil kunna ha ein førebyggjande effekt. utfordringane går m.a. på psykisk helse, levevanar og sosiale skilnader. Trivsel, mestring, sunne levevanar og inkluderande mangfald fremjar helsa generelt og vil kunna motverka sosiale helseskilnader.

Gjennom å betra kvaliteten i barnehagar og skular og ved å vidareutvikla hjelpetenester for barn, skal oppvekstkåra til barn og unge styrkjast. Betre tenestetilbod for alle og meir samordning mellom tenestene for dei mest sårbare barna, blir i St. meld nr. 34 2013 omtala som avgjerande for gode oppveksttilhøve. Kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021 har oppvekst som eit av satsingsområda og legg vekt på gode og trygge oppvekstkår for barn og unge. Kommunen skal følgja nøye med i dei forhold barn og unge lever under, førebyggja og fremja god fysisk og psykisk helse. Dersom ein skal nå barn som har særlege behov for tenester, er det naudsynt med tverrfagleg samarbeid. Kommunen må vera i stand til å ta ansvar for tidleg identifisering, kartlegging og vurdering av barn og unge sine vanskar og hjelpebehov.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein samarbeidsmodell som skal sikra heilskapleg og koordinert innsats overfor barn, unge og familiar det er knyta uro til. Av plan for kvalitetsutvikling går det fram at BTI skal vera felles utviklingsområde for alle fagområda i oppvekst. Helsedirektoratet har ansvar for å utvikla modellen til norske forhold. Stord er med i utprøvings-perioden og deltar i ei nasjonal arbeidsgruppe. Barnehage, skule, kulturskule, sosiale og førebyggjande tenester (SOFT) og barnevern skal alle sikra gode oppvekstvilkår, og BTI-modellen blir eit viktig verktøy for samhandlinga mellom desse tenestene.

Førebyggjande tenester er ein del av Eining for sosial og førebyggjande teneste (SOFT) og er omtala under kapittel 5.5. 2.

5.3.1 Skule, SFO

GRUNNSKULE MÅLEKART	MÅL		Resultat		
	2015	2014	2013	2012	Fylket
Snitt nasjonale prøvar lesing 5. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>2,0	1,9	1,8	2,0	1,9
Snitt nasjonale prøvar lesing 8. trinn (I skala frå 1-3, er 5 best)	>3,1	3,0	2,9	2,9	3,1
Snitt nasjonale prøvar lesing 9. trinn (I skala frå 1-3, er 5 best)	>3,3	3,2	3,3	3,4	3,4
Snitt nasjonale prøvar rekning 5. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>2,0	1,9	1,9	2,0	2,0
Snitt nasjonale prøvar rekning 8. trinn (I skala frå 1-3, er 5 best)	>3,0	2,9	3,0	2,9	3,1
Snitt nasjonale prøvar rekning 9. trinn (I skala frå 1-3, er 5 best)	>3,4	3,3	3,3	3,4	3,4
Læringsmiljø: Vurdering for læring 7. trinn	>3,9	x	3,8	x	3,7
(Læringsmiljø: Vurdering for læring 10. trinn	>3,3	x	3,1	x	3,2
Læringsmiljø: Mobbing 7. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	<1,3	x	1,4	x	1,3
Læringsmiljø: Mobbing 10. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	<1,2	x	1,3	x	1,3
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	>39,7	38,7	40,0	39,6	40,9
Elevar som er registrert i vidaregåande opplæring same året som avslutta ungdomsskule (i prosent)	>98,4	x	97,4	x	98,6

Elevundersøkinga (Læringsmiljø) blei revidert i 2013. Resultata frå 2007-2012 kan difor ikkje samanliknast med resultat frå skuleåret 2013-2014 og seinare. Etter at gjennomsnittlege grunnskulepoeng i Stord synte god framgang ved førre måling, er resultatet 38,7 for skuleåret 2013-14 og såleis under gjennomsnittet for fylket og landet. Nasjonale prøvar i lesing for 5. trinn har same resultat som fylket, men ligg 0,1 poeng under det nasjonale nivået. I rekning på 5.trinn er resultatet lågare enn både fylket og landet. Den same tendensen ser ein på ungdomstrinnet der dei lokale måla ligg under både fylket og nasjonen.

Føringar for grunnskuleområdet og tidleg innsats

Resultata på nasjonale prøvar blir presenterte for kommunane med ei fordeling av elevane på ulike mestringsnivå. For Stord kommune er det ei utfordring at resultata for elevane på 5.trinn er såpass mykje lågare enn lokale og nasjonale målsettingar. Når elevar syner mangelfulle ferdigheiter alt på småskuletrinnet, kan det faglege etterslepet bli større utover i skuleløpet. Resultata her kan tyda på at tidleg innsats i form av smågruppetiltak, lesekurs eller andre tiltak, bør styrkast.

Utdanningsdirektoratet starta i 2013 ei satsing på ungdomsskulane. At alle elevar skal meistra grunnleggjande dugleikar (kunna lesa, skriva, rekna, og kunna uttrykkja seg munnleg og bruka digitale verktøy) er ei av tre overordna målsettingar i satsinga. Ungdomsskulane deltek i denne satsinga og vil følgja den ut prosjektperioden i 2017.

Fokusområda for barneskulane byggjer opp under målsettingane for satsinga på ungdomstrinnet. Grunnleggjande dugleikar med fokus på lesing, skriving og rekning er utvalde fokusområde for heile grunnskulen i Stord, saman med «Vurdering for læring» og BTI (Betre tverrfagleg innsats for sårbare barn).

Kvalitetsutviklingsplanen peikar på behovet for å styrka området «Grunnleggjande dugleikar». Spesielt gjeld dette rekning. Ein har i budsjettforslaget ikkje funne rom for å auka løyvingane til læremidlar, kompetanseheving og tiltak for tidleg innsats. Staten bidreg likevel med ei omfattande finansiering av vidareutdanning i realfag og rekning som grunnleggjande dugleik.

Elevressurs

Budsjettforslaget legg til grunn eit delingstal på 28 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. Elevressursen skal m.a. gå til å styrka opplæringa gjennom t.d. tidleg innsats, lesekurs og andre intensive fagkurs, tiltak innan spesialundervisning i mindre omfang og vikarbruk. Elevressursen er redusert med kr. 120 i høve til 2014 som eit tiltak for å balansera budsjettet. Dette tilsvarar ein reduksjon på 1,9 prosent eller ei samla innsparing på 0,386 mill. kr.

Fådelt Litlabø skule

Ut frå elevtalet kan Litlabø skule tildelast ressursar som firedelt skule for våren 2015 og som femdelt skule for hausten 2015. Skulen er likevel tildelt ressursar som femdelt skule i 2015 då det kan verta ei utfordring å ta ned kostnadene frå 1 januar. Dette gir ei innsparing på 1,3 mill.kr i høve til 2014-nivå.

Basetilbod for elevar med sterke funksjonshemmingar

Komité for oppvekst og utdanning vedtok oppstart av basetilbod for elevar med sterke funksjonshemmingar i 2015, jf. vedtak i sak PS 4/14, der det m.a. heiter at «Ressursar til leiging og eventuelt skyss må innarbeidast i budsjettet for 2015 for drift i fem mnd». Det er uklart kva utgifter tiltaket vil medføra og ein vil koma attende til saka i første budsjettrevisjon.

Symjeopplæring.

Ressursen til symjeopplæring er i budsjettforslaget vidareført som i 2014, med 20 timar kvar for småskuletrinnet og mellomtrinnet. Med utgangspunkt i kompetansemålet vart det vurdert at undervisninga til desse elevane burde vore av eit omfang på 38 timar.

Spesialundervisning

Omfanget av spesialundervisning er i forslag til budsjett lagt inn med utgifter knytt til alle kjende vedtak per september 2014. Det ligg ikkje inne reserver til mogelege nye vedtak.

Rettleiing av nyutdanna lærarar

Det er inngått avtale mellom KS og Utdanningsforbundet om rettleiing av nyutdanna lærarar. Det er ikkje lagt inn ekstra ressursar for å følgje opp denne avtala.

Investeringar nybygg og anlegg, Stord ungdomsskule

Budsjettforslaget legg opp til ei målsetting om at ny Stord ungdomsskule skal vera klar frå hausten 2017. Det vart gjennomført ein prosjektkonkurranse (plan- og designkonkurranse) våren/sumaren 2010. Juryen kåra i januar 2011 arkitektfirma L2 sitt utkast «Konge på haugane» til vinnar av konkurransen. Komité for oppvekst og utdanning uttalte i august 2014 ønske om å gå vidare med prosjektet.

Det er lagt opp til rimeleg stor fleksibilitet i utforminga av areala ved å sjå på funksjonar og arealbruk for klasserom/grupperom mv. «Konge på haugane» har eit bruttoareal 4 582 m². Kostnadane med prosjektet vart i oktober 2011 kalkulert til kr 153 mill. inkludert mva, inventar, riving, prosjektering mv. Justert for prisstigning vert kostnadane per august 2014 kalkulert til 166 mill. kr. inkludert utomhusanlegg og infrastruktur. Rivingskostnadane er kalkulert til 12 mill. kr. 25 prosent meirverdiavgift (momskompensasjon) utgjer 26 mill. kr. Pris per m² inkludert riving er kalkulert til kr 36 228 (kr 33 609 utan riving). Kalkylane tek ikkje høgde for kostnadene med å halda skule for elevane i anleggstida, som er venta å vera om lag 15 månader.

Nye Stord ungdomsskule vil vera dimensjonert for 360 elevar, med mogelegheit til å utvida til 450. Elevtalsprognosane tilseier at det alt frå skulestart 2022 vil det vera trong for å utvida talet på klasserom. Marginane er også små i høve til at det kan vera behov for ekstra undervisningsareal også før 2022. Men ser ein ungdomsskulane under eitt vil dei ha kapasitet til å dekkja trongen for elevplassar i lang tid frametter.

Det vert lagt opp til ein ny gjennomgang av prosjektet der ein vurderer på ny behovet for undervisningsrom og areal. Ein revidert kalkyle må og ta høgde for kostnadane med mellombels løysing for undervisninga i anleggsperioden.

Nybygg og rehabilitering av Nysæter ungdomsskule er i skulebruksplanen lagt inn etter økonomiplanperioden 2015-18 med 72 mill. kr. I budsjett for 2014 flytta kommunestyret fram prosjektering av rehabilitering av Nysæter ungdomsskule til 2015, for å sjå denne rehabiliteringa i samanheng med ny Stord ungdomsskule. Kommunestyret løyvde 0,2 mill. kr til

oppstart prosjektering/forstudie i 2014. I budsjettet for 2015 er det lagt inn 0,8 mill. kr til ein forstudie på Nysæter ungdomsskule, der ein også skal vurdera plassering av ein fleirbrukshall.

I november 2012 hadde Arbeidstilsynet tilsyn på inneklima i offentlege bygg. Stord kommune fekk m.a. pålegg om å utbetra lærarane sine arbeidsplassar/lokale, garderober og toalett på Hystad skule. I revidert budsjett for 2. tertial 2014 er det forslag om å løyva 0,2 mill. kr til prosjektering. Budsjettforslaget følgjer opp formannskapet sin tilråding i budsjettrevisjonen med ei løyving på 3,5 mill. kr. til nybygg på Hystad skule. Det ligg inne 0,9 mill. kr til utstyr til skulane i åra 2015 og 2016.

På Hystadbanen er det utfordringar med drenering og overvatn. Rehabilitering av bana er i budsjettforslaget ført opp med 3,0 mill.kr. Ein føreset at kommunen vil få spelemidlar med om lag 0,4 mill. kr.

I PS 9/14 vedtok Komité for oppvekst og utdanning fylgjande: «Stord kommune vil frå 2015 nytta nynorsk som opplæringsmål for nye elevar ved Stord Vaksenopplæring avdeling for framandspråklege (VO). Kostnadene med omlegginga vert å innarbeida i budsjett for 2015». I saka kom det fram at ei slik omlegging vil ha ei kostnadsramme på 0,69 mill. kr. I forslag til budsjett for 2015 vel ein å dele investeringskostnadane over to år og på den måten innføra nynorsk gradvis. Rådmannen har gått gjennom kostnadsramma og finn at ein vil kunna gjennomføra omlegginga med ei samla ramme på 0,55 mill. kr (0,35 mill. kr i 2015 og 0,2 mill. kr i 2016).

5.3.2 Barnehagar

MÅLEKART BARNEHAGE	MÅL	Resultat prosent (SSB konsern)			
	2015	Stord 2013	Stord 2012	Grp 8 2013	Landet 2013
Del tilsette menn i grunnbemanninga (alle barnehagar i kommunen)	>5,0	4,7	3,1	6,8	7,6
Del styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent barnehagelærerutdanning (alle barnehagar i kommunen)	100	97,0	96,1	88,7	88,4
Tal barn korrigert for alder per årsverk grunnbemanning i kommunale barnehagar	6,7	6,8	6,7	6,5	6,2
Del assistentar med barne- og ungdomsarbeidarfag, barnehagelærer eller anna pedagogisk utdanning (alle barnehagar i kommunen)	>38,8	38,8	27,7	26,6	30,2
Del barn 1 – 5 år med barnehageplass (alle barnehagar i kommunen)	>90,0	89,7	90,6	91,1	90,0
Del minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til innvandrarbarn 1 – 5 år	>75,0	75,0	69,7	74,7	72,8

Kjønnsrollemønsteret etablerer seg alt i småbarnsalderen, og det er ei nasjonal målsetting at menn skal utgjera 20 prosent av tilsette i barnehagen. Men trass politisk satsing om å auka talet på menn i barnehage, har prosenten vore stabil på mellom 8 og 9 prosent frå 2005 og fram til i dag. Heller ikkje i Stord kommune har ein nådd den nasjonale målsettinga.

Personalet i barnehagane i Stord kommune har god fagkompetanse. I august 2014 er det kun ein barnehage som har midletidig dispensasjon frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar. Tal frå SSB viser at barnehagane i Stord kommune har høgare prosent tilsette med barnehagelærerutdanning og fagarbeidarutdanning enn samanliknbare kommunar og landet generelt.

Personaltettleiken i dei kommunale barnehagane i Stord kommune er sett til eitt årsverk per 6,7 store barn eller 3,35 små barn. Dette er noko lågare enn personaltettleiken i samanliknbare kommunar og i landet generelt. Prosentdel barn med barnehageplass i Stord kommune er om lag som gjennomsnittet for landet.

Talet på minoritetsspråklege barn med barnehageplass aukar. Minoritetsspråklege barn er i denne samanheng barn med anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk. I gjennomsnitt gjekk 72,8 prosent av minoritetsspråklege born i Noreg i alderen 1-5 år i barnehage i 2013. I Stord kommune gjekk 75 prosent av dei minoritetsspråklege barna i barnehage same år.

Prosent minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass var for landet i 2013 på 11,2 prosent, og for Stord kommune 10,2 prosent.

Føringar for barnehageområdet

I kvalitetsutviklingsplanen står fokusområda til dei kommunale barnehagane som er «Barnehage som lærande organisasjon» og «Danning og kulturelt mangfald», i tillegg til betre tverrfagleg innsats for sårbare barn. Utviklinga til barna er eit felles ansvar for barnehage, skule og andre tenester retta mot barn og barnefamiljar.

Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar

Kommunen yter tilskot til drift av alle godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. I budsjettet for 2015 er det lagt inn netto 111 mill. kr i tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Tilskot til drift og dekning av kapitalkostnader for inntil 100 storbarnsplassar i nye Tyse FUS barnehage frå og med august 2015 er medrekna.

Tilskotet til ikkje kommunale barnehagar er rekna ut som tilsvarende 98 prosent av kostnadene per barn i kommunale barnehagar. Tilskotet for 2015 er fastsett ut frå rekneskapstal for 2013 justert for prisvekst. Maksimalprisen for foreldrebetaling vart i framlegg til statsbudsjett auka med 3 prosent prisstigning og kr 100 per måned til kr 2 580 frå 1.1.2015.

Kommunale barnehagar

Drifta i dei kommunale barnehagane er i hovudsak vidareført på 2014- nivå. Som eit tiltak for å få budsjettet i balanse er det likevel trekt ut ein ressurs på 45 prosent assisterande styrar, noko som gir ein innsparing på 0,28 mill. kr.

Statsbudsjettet legg og opp til at deler av dei frie inntektene skal rettast inn mot å redusera ventetida for å få barnehageplass. Regjeringa gjer også framlegg om å innføra eit minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Foreldrebetalinga for ein heiltidsplass i barnehage skal årleg maksimalt utgjere 7 prosent av familien sine samla inntekter, med iverksetjing frå 01. august 2015. Tiltaket er kompensert over rammetilskotet. I statsbudsjettet for 2014 vart rammetilskotet redusert som følgje av at det var venta mindre etterspurnad etter barnehageplassar som følgje av auka kontantstønad for eittåringar. I revidert nasjonalbudsjett vart dette delvis reversert då ein såg kontantstøtta likevel ikkje hadde så stor effekt på barnehageopptaket.

Investeringar nybygg og anlegg

Skogatufto barnehagen er bygd ut i fleire omgangar. Hovudbygget er frå 1973 med tre seinare tilbygg. Det er behov for utvendig og innvendig rehabilitering av den eldste delen, og det er i 2015 sett av 6,4 mill. kr til prosjektet.

Forslag til kommunedelplan for barnehage er i skrivande stund ute på høyring. Planen legg til grunn at det i 2018 vert etablert ein ny kommunale barnehage i Tjødnalio med plass til inntil 170 barn, med ei kostnadsramme på 30 mill. kr. Det er lagt inn 0,5 mill. kr. til utstyr til fordeling i barnehagane per år i økonomiplanperioden.

5.3.3 Kulturskulen

MÅLEKART KULTURSKULEN	MÅL	Resultat prosent (SSB konsern)			
	2015	Stord 2013	Stord 2012	Grp.8 2013	Landet 2013
Del brukarar i grunnskulealder i kommunens Musikk- og kulturskule, av born i alderen 6-15 år	>23,0	22,4	21,0	15,1	14,8

Stord kommune har med 22,4 prosent god dekning i kulturskulen, i høve til samanliknbare kommunar og landet elles. Nasjonal målsetting er likevel ein dekkingsgrad på 30 prosent, det vil sei at 30 prosent av elevar i grunnskulen skal vera elevar i Kulturskulen. Det er slik sett enno eit stykke att.

Rådmannen har i forslaget til budsjett ikkje lagt inn auke i betalingsattsane, heller ikkje i satsar knytt til sal av tenestane til skulekorpsa, men ein gjer framlegg om å auke satsane for distriktsmusikarordninga.

Føringar for arbeidet i og utviklinga av Kulturskulen

Kvalitetsutviklingsplanen gir føringar for arbeidet i og utviklinga av Kulturskulen. Stord kulturskule har tilsette med høg fagleg kompetanse innanfor kunst- og kulturfaga. Kulturskulen vil i tillegg til fellessatsinga BTI, ha prosjekt som kan vera ein trygg sosial arena med fokus på kreativ samhandling.

Kulturskulen kan tilby undervisning innanfor musikk, drama/teater, dans, musikkterapi og Parkour. I grunnskule og barnehage vert følgjande lagd til grunn for kulturskulen sitt arbeid:

- Kortare eller lengre prosjekt i og utanfor ordinær skuletid.
- Bidra med kunstfaga i den ordinære undervisninga ved å nytte alle intelligensane i læringsprosessen.
- Samarbeida med lærarar, administrasjon, anna personale, elevar, føresette.
- Arbeida med grupper med ulike behov og evner.
- Undervisa på tvers av kjønn, alder, etnisitet og kulturelle grenser.
- Bruka kunst for å skapa og utvikla sunn sjølvskjenle.
- Hjelpa til å byggja opp under Betre Tverrfagleg Innsats ved hjelp av kunstfaga

Stord kommune har sidan hausten 2010 leigd lokale til danseundervisning i Meieribygget i Leirvik sentrum. Dette bygget skal ifølgje eigarane rivast og Komité for oppvekst og utdanning, gav i sak PS 10/14 rådmannen i oppdrag å forhandla fram ei leigeavtale på nye danselokale. Flytting av danseundervisninga vel venteleg medføra investeringar på 0,3 mill. kr, som er føresett dekkja innanfor ramma til utstyr i 2015.

5.3.4 Barnevern

MÅLEKART BARNEVERN	MÅL	Resultat prosent (SSB konsern)			
	2015	Stord 2013	Stord 2012	Grp.8 2013	Landet 2013
Del undersøkingar m handsaming over 3 mnd	<21,8	21,8	34,4	21,1	24,9
Del barn med tiltak per 31.12 med utarbeida plan	>77	69	77	78	79
Stillingar med fagutdanning, per barn 0-17 år	>2,9	2,9	2,4	3,5	3,9

Større effektivitet i forhold til sakshandsaming og utarbeiding av individuelle planar er ei sentral målsetting for barnevernet. Både lovkrav, omsynet til dei aktuelle barna og utviklinga i tal meldingar, undersøkingar og tiltak, aktualiserer denne målsettinga.

Føringar gjennom utviklingsområda for barnevern

Kvalitetsutviklingsplanen legg opp til satsing på heilskap og kvalitet og samarbeid. Deltaking i betre tverrfagleg innsats (BTI), vil for barnevernet som for dei andre tenestene, krevja nye måtar å arbeida på og andre samarbeidsarenaer.

Rett hjelp til rett tid og på rett stad er eit viktig mål for tenesta. Barnverntenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og sikre at dei som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg. Brukarmedverknad, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling er særlege fokusområde. I tillegg må tenesta syta for at barn som må flyttast ut av heimen får naudsynt hjelp og støtte.

Barnevernet skal prioritera internkontroll i 2015 og slik sikra at lovkrav får si oppfølging i praksis. Dette handlar mellom anna om å kvalitetssikra meldingar og undersøkingar og å følge opp hjelpetiltak og fosterheimar.

Budsjettforslaget

Kapasiteten i barnevernstenesta er auka dei siste åra, sidan 2011 har ein fått seks nye stillingar finansiert med øyremerkta statsmidlar. Den kommunale eigenandel i statlege barnevernsinstitusjonar er auka til kr. 65 000 per måned frå 2015, frå dagens kr. 50 300, Stord kommune har per i dag ingen barn plassert i institusjon. Barne-, ungdoms- og familieetaten, Bufetat, har og stramma inn på refusjonsordningar for fosterheimplasseringar.

I budsjettrevisjon for 1. tertial 2014 heitte det i saksutgreiinga:

«Ein har over tid hatt tett oppfølging av barneverntenesta, men har likevel ikkje lukkast i å snu den økonomiske utviklinga. Rådmannen ser at det ligg eit element av underbudsjettering i avviket og ei utvikling i kostnader/tiltak som ikkje var føresett. Ein ser likevel at det er grunnlag for ein gjennomgang av tenesta. Stord kommune har etablert ein ordning med intern revisjon / interntilsyn og ein vil så snart som råd starta ein gjennomgang av barnevernet med omsyn til organisering, internkontrollsystem etc.»

I budsjettforslaget er barneverntenesta styrka med 6,9 mill. kr i høve til opprinneleg budsjett for 2014. I høve til prognosen for 2. tertial vert likevel rammene for knappa, om lag 2,8 mill. kr. Det er likevel ikkje funne rom for å auka budsjettet ytterlegare, og det vil vera ei viktig oppgåve å styra mot å nå budsjettmåla for 2015.

5.4 KOMITÉ FOR NÆRING, MILJØ OG KULTUR

Det er føreslege i overkant av 2 mill. kr i tilskot/ driftsstøtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. i 2015 slik:

- Sunnhordland museum kr 610 000
- Friluftsrådet vest kr 260 000
- Stord idrettspark AS, kr 800 000
- Frivilligsentralen kr 208 000
- Stord sogelag kr 10 000
- Sunnhordland kammerorkester kr 22 000
- Falturiltu barnebokfestival kr 100 000

Det er forslag om at Komité for næring, miljø og kultur i tillegg får fullmakt til å disponera kr 250 000 til kulturføremål.

5.4.1 Kulturtenester

Det er laga eigen rehabiliteringsplan for Kulturhuset. Denne er følgt opp i budsjettforslaget med kr 8,1 mill. i perioden (kr 5,3 mill. i 2015). Prioriterte tiltak i 2015 er: nytt lysarmatur symjehall, nye varmekjellar, nye varmtvasstankar og styringsanlegg for straum. Midlar til oppgradering av utstyr (høgtalarar småsal, kinoteknisk utstyr) er lagt inn med kr 0,4 mill. i 2015 og kr 1,1 mill. kvart år i resten av perioden. Det er eit ønskje om nytt flygel i sidan det gamle er øydelagt, men dette er ikkje prioritert i budsjettforslaget.

Venelager for Gruo har søkt om kr 410 000 over to år til restaurering av heistårnet ved Stordø Kisgruber. Det er Stord kommune som eig tårnet som og difor er ansvarleg for vedlikehald. Rådmannen føreslår i budsjettforslaget å støtte søknaden med heile summen i 2015.

Det ikkje sett av midlar til vidare opprusting av Leirvik Fyrstasjon. Komité for næring, miljø og kultur vedtok i sak PS 25/12 å leggja spørsmålet om eigedomstvist fram for jordskifteretten. Kommune har anka inn avgjerda til Jordskifteretten inn for Lagmannsretten og ein ventar dom i saka hausten 2014.

5.4.2 Idrett og friluftsliv

Prestagardsskogen, garderobeanlegg

Eksisterande dusj- og garderobebygg for fotball i Prestagardsskogen er bygd i 1991 og treng omfattande rehabilitering for å unngå stenging. Estimert kostnad er omlag kr 1,5 mill. Me har fått tilsegn om kr 501 000 i spelemidlar (juni 2014). Desse må nyttast innan 2 år. Reell kostnad for Stord kommune vert såleis kr 1,0 mill. I budsjettforslaget er det lagt inn kr 1,5 mill inklusiv spelemidlar i 2015.

Tursti rundt Ådlandsvatnet

2015 er Friluftslivets år. Friluftsliv vert sett på som viktigaste verkemiddel for å betra folkehelsa. Ein har saman med Friluftsrådet Vest på det næraste fullført grunneigaravtalane om turveg rundt Ådlandsvatnet. Dette har lenge vore eit ynskje mellom innbyggjarane og kan sporast i kommunale planar attende til tidleg åttital. Samla kostnad er estimert til om lag kr 3,0 mill. Det er kome midlar frå Miljødirektoratet på kr 1,180 mill. og Sunnhordland kraftlag har medverka med kr 125 000. Det er lagt opp til kommunal del på kr 1,5 mill. Resten, kr 195 000 vil Friluftsrådet freista få inn andre stader eller nytta av driftsmidlane sine. Om ikkje løypa er realisert innan 15.8.15 vil midlane frå direktoratet verte drege inn. Friluftsrådet Vest har sagt at dei vil delta i prosessen, men bede Stord kommune gjennomføre detaljplanlegging og prosjektering. Kostnad for dette vil vera om lag kr 150 000. I tillegg kjem kostnader til drift og

vedlikehald med om lag kr 40 000 kvart år. Rådmannen føreslår å prioritere prosjektet i 2015, men føreset at det vert finansiert innafor den ramma økonomiplanen set. Som ein konsekvens av dette er det ikkje lagt inn midlar til nærmiljøanlegg/ballplassar i 2015.

Vikahaugane, rackethall

Tilstanden på Rackethallen er vurdert i samband med skader på tak i rapport frå Procon AS i 2013. Rapporten konkluderer med at det med ei minimumsløysing (mellombels forsterking av tak), vil ein med systematisk oppfølging og bruksrestriksjonar ved uvær kunne rekne med ei restlevetid på inntil 3 år. For levetid ut over dette må det gjerast større investeringar som vanskeleg kan forsvarast i høve til nybygg. «Minimumsløysinga» vart gjennomført i 2013, men det er ikkje lagt inn ytterlegare midlar til rehabilitering av rackethallen i økonomiplanperioden. Kostnadar til riving av eksisterande hall og bygging av ny rackethall er estimert til om lag kr 41,0 mill.

Vikahaugane kunstgras

Rehabilitering av »11-ar« banen er ført opp med kr 3,0 mill. Ein føreset at prosjektet får spelemidlar. Dette gjeld skifte av dekke. Forskrifta seier at eit anlegg kan få rehabiliteringsmidlar først når det er minst 10 år gamalt. Banen vart teke i bruk i 2004.

Vikahaugane – hallane

I forslaget til økonomiplan ligg det inne samla kr 9,0 mill. til rehabilitering av hallane. Det er laga ein eigen plan som skisserer dei ulike tiltaka. I 2015 vil det vera renovering av garderobar som står for tur.

5.4.3 Bibliotek

BIBLIOTEK	MÅL		Resultat 2013		
	2015	Stord	Grp. 8	Landet	Landet 2013
Utlån alle medium frå folkebibliotek per innbyggjar	3,5	2,5	4,2	4,7	24,9
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	3,3	1,9	4,3	4,2	79

Folkebiblioteket er vidareført på om lag same nivå som i 2014. Komité for næring, miljø og kultur vedtok i sak 14/14 Bibliotekplan 2014-2018: «Stord folkebibliotekmøtestad for kunnskap og kultur». Planen er tenkt å vera eit reiskap for planlegging og prioritering i åra som kjem. Planen beskriv sju strategiar, med tiltak under kvar av desse. Strategiane gjeld mellom anna korleis bibliotektilbodet skal gjerast kjent og tilgjengeleg, bibliotektenesta for barn og ungdom, ny teknologi, nye media i biblioteket og formidling av kunnskap og kultur. Ein strategi er særleg knytt til utvikling av biblioteket som sosial møteplass og debattarena. Ein annan viktig strategi er samarbeidet med andre bibliotek og samarbeidspartnarar. Til slutt er det i planen eit oversyn over planar og tiltak i perioden 2014-2018 med vekt m.a. på mediasamling, automatisering, utviding av opningstider og bibliotektenesta for barn og ungdom.

Biblioteket legg opp til kjøp av meir utstyr til sjølvbetent utlån og elles fornying av utstyr/media med kr 200 000 kvart år i økonomiplanperioden.

5.4.4 Brann, redning og feiing

MÅLEKART BRANN, REDNING OG FEIING	MÅL			
	2015	Stord 2014	Stord 2013	Stord 2012
Bustadbrannar	0	5	7	2
Tilsyn §13	130	110	99	80
Feiing bustader	3000	3500	2274	3162
Tilsyn bustader	1000	522	592	500

I 2012 vart det gjennomført ei ROS analyse av Stord brannvesen. Denne konkluderte med ein del avvik og manglar. Med bakgrunn i dette vart det sett i gong ein forstudie som konkluderte med 12 punkt som kommunen måtte analysere nærare. Forstudien vart lagt fram for Komité for næring, miljø og kultur som gjorde slikt vedtak i sak PS 10/14:

”Komite for næring, miljø og kultur tek forstudierapport organisering, dimensjonering, kasertering og lokalisering Stord brannvesen av februar 2014 til vitring, og ber om at rådmannen utarbeider eit forprosjekt for Stord kommune i samsvar med tilrådingane i rapporten. Forprosjektet skal vera ferdig til politisk handsaming innan 1.10.2014.

Komiteen ber om at det som del av forprosjektet vert greia ut praktiske og økonomiske konsekvensar av å flytta brannstasjonen frå Vabakken til Heiane”.

Vedtaket vart nytta som mandat for eit forprosjekt som skal politisk handsamast hausten 2014. I forprosjektet har prosjektgruppa vurdert tilrådingane i forstudien og kjem med forslag om tiltak for å rette opp avvik og manglar som er påvist. Målet for gjennomgangen er å få på plass eit brannvesen i Stord kommune som stettar krava i gjeldande lov og forskrift. Kort oppsummert tilrår prosjektgruppa:

- Dagkasertering av mannskap - kostnad om lag kr 1,950 mill. inkl. utstyr
- Ombygging knytt til dagkasertering - kostnad om lag kr 5,0 mill.
- Auke i stillingsbrøk for brannsjef, leiar førebyggjande avdeling og beredskapsleiar. Dette medfører ingen auka kostnad om ein vedtek dagkasertering
- Tiltak for å stetta nye krav innan HMT (grunna kreftfare) - kostnad om lag kr 0,7 mill.
- Nytt namn ”Stord brann og redning” - kostnad kr 0,1 mill. (eingongsutgift)
- Behov for styrka opplæring av mannskap - kostnad om lag kr 0,2 mill. årleg

Rådmannen meiner rapporten gjev god informasjon og tiltaka er relevante i høve gjeldande lover og forskrifter. Det må likevel understrekast at Stord kommune pr. i dag har dispensasjon for kravet om dagkasertering og dermed ei lovleg brannordning. Sjølv om det er eit mål at brannvesenet skal oppgraderast, må det sjåast i samanheng med den økonomiske situasjonen kommunen er i og andre tiltak som og er viktige for å oppretthalde ei god brann- og redningsteneste. Rådmannen føreslår difor at tiltaka vert gradvis fasa inn så langt det lar seg gjere i økonomiplanperioden. Ein legg på noverande tidspunkt ikkje opp til flytting av brannstasjonen frå Vabakken til Heiane.

Det er lagt inn kr 650 000 i 2015 og kr 500 000 kvart år i planperioden til fornying og vedlikehald av utstyr. I korte trekk er dette verneutstyr til mannskap, ny brannpumpe og dataprogram for varsling av innbyggjarane. Rådmannen føreslår vidare å legge inn midlar til ny brann- og redningsbil i 2015. Bakgrunnen for dette er at bilen no er 14 år gammal og har store vedlikehaldsutfordringar. Ein treng og ein bil som er tilpassa tunnelulukker. Den gamle bilen på hovedstasjonen vert flytta til Sagvåg og den som står der vert seld. Vidare er det lagt kr 0,7 mill. knytt til nye krav innanfor HMT. Dagkasertering av mannskap og ombygging til dette ligg førebels inne i 2018. Feieavgifta er foreslått auka med 7 prosent for å dekke prisvekst og tidlegare års underskot.

5.4.5 Beredskap

Kommunane skal vera i stand til å halda oppe viktige samfunnsfunksjonar og ta vare på folk sine liv og grunnleggjande behov under ulike former for påkjenning. Forskrift om kommunal beredskapsplikt stiller krav om heilskapleg og samordna planlegging av dette. Stord kommune skal halda fram arbeidet med førebygging av kriser og svikt i viktige funksjonar, beredskap i einingane mot uventa hendingar og effektiv kommunal handsaming av kriser.

Stord og Fitjar avslutta arbeid med rullering av overordna ROS kartlegging i haust. Ei rekkje tiltak i tidlegare ROS-analyser er gjennomførte og me går vidare i denne prosessen. Arbeidet skal no følgjast opp med rullering av beredskapsplanverk. Beredskapsplan for administrasjonen skal reviderast og det er ei målsetting å kunna presentera ein felles mal for einingane sin revisjon av eige planverk.

Redningspersonell og legevaktordninga tek del i lokale øvingar etter fastlagd plan organisert av eit øvingsutval som vert leia av politidistriktet. I tillegg vert det lagt opp til interne øvingar i kommunen. Ny interkommunal legevaktordning har gitt ei sterkare administrering av dagleg akuttberedskap. Den kan lett styrkast ved ei større hending som krev ressursar utover trongen i det daglege.

Den landsomfattande etableringa av nytt naudnett tek tid, men seinaste melding er oppstart lokalt hausten 2014. Det er lagt inn kr 0,4 mill. i 2015 og 2016 for å finansiere dette.

Beredskapsfondet som i si tid vart oppretta med tanke på å kunne ta høgde for variasjonar i alt frå ulukke og brannar til brøyting/strøing o.l. er ikkje vidareført.

5.4.6 Landbruk, miljø og næring

Stord-Fitjar landbruk- og miljøkontor er vidareført på same nivå som i 2013. Det er ikkje lagt inn auke i gebyr og betalingsattsar. Det er for 2015 føreslege å fordela 1,1 mill. kr til diverse samarbeidstiltak og næringsføremål slik:

- Hordaland olje og gass, driftstilskot kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot kr 37 500
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland kr 404 600
- Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga kr 218 000
- Medlemskontingent Stord næringsråd kr 30 000
- Atheno AS, Maritim industriinkubator kr 150 000
- Atheno AS, Ungt entreprenørskap kr 65 000
- Liv og lyst Litlabø kr 30 000
- Kjøp av førstelinetenester for næringsetabl. kr 150 000

Det er i tillegg forslag om at Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera kr 100 000 til næringsføremål.

Kommunestyret sa i samband med sak PS 39/14 at ein ville ta stilling til disponering av avsetting til næringsfondet på kr 977 384,66, inntekter frå sal av S-lab aksjar, i samband med budsjettet for 2015. Avsettinga er foreslått nytta til delfinansiering av løyvingane til nærings- og samarbeidstiltak som er nemnt over.

Kommunen har avtaler med Atheno AS og Samarbeidsrådet for Sunnhordland om kjøp av førstelinetenester for næringsetablerarar etter medgått tid.

Opplaget med turistinformasjonsteneste i rådhuset og i kulturhuset vil bli vidareført. Reiselivssatsinga i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland vert vidareført med til tilskot tilsvarande kr 12 per innbyggjar.

5.4.7 Sunnhordland lufthamn AS

Stord kommune løyvde i 2013 eit eigenkapitaltilskot til Sunnhordland lufthamn AS (kommunestyresak PS 24/12). I saka heitte det m.a.:

”Lufthamna signaliserer at dei vil ha årleg behov for tilførsel av kapital i storleik 0-3 mill kr, avhengig av trafikken over Sunnhordland lufthamn. Det betyr at Sunnhordland lufthamn AS langt på veg kan verta ein fast post på kommunen sitt driftsbudsjett. Rådmannen legg ikkje opp til å ta stilling til vidare driftsstøtte i denne saka, men meiner det er ei spørsmål ein bør ta opp ved rullering av budsjett og økonomiplan. Det vil vera naturleg at kommunen set av ein sum årleg på budsjettet om ein går inn for vidare støtte på dei vilkåra som no ligg føre.”

I e-post 12. september 2014 skriv lufthamna i e-post til Stord kommune:

«Under føresetnad av at lufthamnselskapet også i 2015 mottek driftsstøtte på inntil kr 12 mill samt støtte til AFIS-tenesta pålydande kr 6 mill treng Sunnhordland Lufthavn AS ikkje økonomisk støtte frå eigarane til drift av Stord lufthamn i 2015.»

I regjeringa sitt forslag til statsbudsjett er det framlegg om å løyva 12 mill. kr til Stord lufthamn i 2015. Det er også sett av midlar til å dekkja kostnadene med flygeinformasjonstenesta på Sørstokken.

5.4.8 Regulering, byggjesak, oppmåling

REGULERING BYGGESAK OG OPPMÅLING	MÅL		Resultat			
	2015	2013	Stord	Grp. 8		Landet
			2012	2013	2012	2013
Sakshandsamingstid, reguleringsplanar (dagar)	240	257	261	-	-	-
Sakshandsamingstid, oppmålingsforretning (dagar)	70	111	86	66	66	66
Del søknad om tiltak der kom. har brote pålagt sakshands. tid(%)	0	10	10	4	4	4
Handsamingstid, eit-trinns søknader (dagar)	42	56	45	39	38	38
Handsamingstid, rammesøknader (dagar)	42	60				
Eitt-trinns søknad utan ansvarsrett (dagar)	15	21	-	-	-	-

Sakshandsamingstid er gjennomsnittstid for alle handsama saker målt i dagar. Del søknader med overskriden frist er del i prosent av alle saker med lovpålagt sakshandsamingstid. Det er eit klart mål at alle saker skal handsamast innanfor lovpålagt handsamingstid og at måлтаlet her skal vera 0. Kommunen mister gebyrinntekter på saker der vi ikkje klarer overhalde tidsfristane.

Gjennomsnittleg handsamingstid for alle typar byggesaker med lovpålagt 12 vekers handsamingstid er sett til 42 dagar/6 veker. Gjennomsnittleg handsamingstid for oppmålingsforretning vert sett til 70 dagar/ 10 veker som er godt innanfor fristen på 120 dagar/ 4 mnd.

Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida for alle typar sakervil vera eit resultat av talet på saker, type saker, kvaliteten på søknadene og sakshandsamingskapasiteten. Det er framleis mange søknader med feil og manglar som dreg den gjennomsnittlege handsamingstida opp.

I 2013 var kapasiteten på oppmålingsavdelinga redusert då 1/3 av oppmålingskapasiteten vart nytta til innføring av eigedomsskatt. Dette arbeidet har blitt avslutta frå avdelinga i løpet av 2014. På byggjesak har det vore full kapasitet store deler av år 2013, medan vi i 2014 har vakanse frå medio august.

Det er lagt til grunn at gebyrinntektene og sal av kart og eigedomsopplysningar skal finansiera dei løns- og driftsutgiftene som kan finansierast med sjølvkost. Men det er alltid ein usikkerheit knytt til gebyrinntektene då dei er avhengige av byggeaktiviteten, talet på saker og type saker. Det er lagt til grunn høg byggeaktivitet også i 2015, slik det har vore dei siste tre åra. Tilfang av oppmålingssaker og private reguleringsplanar til handsaming har gått ned.

Sjølvkostprinsippet vart innført f.o.m. 2013 ved føring av overskot/underskot mot fond. Det vert framleis arbeid med korreksjonar av sjølvkostmodell og kartlegging i

høve kor stor del av arbeidet på dei ulike avdelingane (oppmåling og plan) som etter lova kan gebyrfinansierast. Føreliggjande tal viser at gebyra på byggjesak kombinert med høg byggeaktivitet medfører positivt overskot. På oppmåling og plan viser føreliggjande tal underskot. Utgiftssida vert halden nede, og vi tilrår auke i gebyrsatsane. På plan vert satsane auka frå 3-12%, medan vi på oppmåling tilrår å auke gebyrsatsane med 30%. Dette medfører at satsane vert liggjande høgt samanlikna med andre Sunnhordlandskommunar, men meir på nivå med t.d. Bergen, og framleis under nivå i t.d. Askøy.

Driftskostnader tilknytt kommunen si kartplattform vert auka frå 2015 grunna overgang til ny systemplattform. Dette medfører publiseringsverktøyet for kart og planregister no også vert tilgjengeleg på nettbrett og smarttelefonar (www.fonnakart.no).

5.4.9 Fagavdeling for veg, trafikk og parkering (VTP)

Rådmannen skal etter vedtak i kommunestyret sak PS 3/14 oveta det administrative ansvar for fagområdet veg, trafikk og parkering frå 1. januar 2015. Eininga er mellombels organisert som ei fagavdeling under Strategisk leiing, i påvente av ei mogeleg omorganisering av dei tekniske tenestene. Rådmannen legg til grunn at fagområdet inntil vidare sorterer politisk under Komité for næring, miljø og kultur.

Styret i Stord vatn og avlaup KF, som har ansvaret for tenesteområdet ut 2013, har utarbeida budsjettforslag for eininga (sjå vedlegg 9.3). I styreprotokollen, sak PS 25/14 Budsjett SVA KF Veg – Trafikk – Parkering, heiter det i vedtaket:

«Styret i SVA vedtek budsjettet for 2015 for VTP, slik at budsjettet går i balanse i høve gjeldande økonomiplan, dette ved å gjennomføre omtala reduksjonar i driftsbudsjettet. Med denne endringa får administrasjonen i SVA KF i oppgåve å sende budsjettframlegget til Rådmannen for vidare handsaming.»

I protokollen heiter det vidare, i same sak under overskrifta «Handsaming i møtet»:

«Underdekninga på kring 1,3 Mill i budsjettframlegget skal dekkjast inn ved å gjennomføre fylgjande reduksjonar i driftsbudsjettet:

1. Fjerne ein vakant 70 % stilling
2. Stenge av gatelysa i perioden frå 1. april til 30. oktober (Innsparing kr 750.000,-).
3. Resterande 50 % skal takast av drift vintervedlikehald.
4. Den andre 50 % skal reduserast på drift generelt vedlikehald.

Administrasjonen tok dette til etterretning. Kommentar frå styret: Dersom det ikkje er aktuelt å stenge av gatelysa i omtala periode, må overføringa frå kommuneadministrasjonen aukast med kr 750.000,-»

Styret i det kommunale føretaket føreslo også for 2014 å stenga gatelysa. Kommunestyret vedtok seinast våren 2014 at lysa skal vera tent, og rådmannen ser ingen meining i å no på nytt fremja forslag om å stenga lysa. Finansieringsbehovet på kr 750 000 vert i staden dekkja inn ved redusert bruk av overtid, og reduserte rammer for drift og vedlikehald.

Tenesteområdet reknar å ha eit inntektstap på 0,4 mill. kr som følgje av bortfallet av offentlege parkeringsplassar rundt Kulturhuset. VTP ligg i budsjettforslaget likevel inne med ei brutto ramme på driftsbudsjettet på kr 8 778 813, ein auke på 3% i høve til 2014.

Budsjettet følgjer opp Hovudplan veg. Kommunestyret vedtok i sak PS 20/14 at planen skal følgjast opp med ei investeringsramme for asfaltering på 4,8 mill. kr per år («nivå 3»). Følgjande er prioritert i perioden: Langelandvegen, Rødkleiv, Gruva, Natrutekaien, Sveene og Sponavikdalen.

Det er lagt inn 1 mill. kr til oppfølging av Kommunedelplan Trafikksikring (kommunestyresak PS 21/14). Prioriterte prosjekt i 2015 vil vera fortauk i Kåreviksvegen. Det er vidare foreslått 0,5 mill. kr til samarbeidsprosjekt, der fortau i Hornelandsvegen vil bli prioritert. Budsjettforslaget har 0,7 mill. kr i utstyr til VTP, som er tenkt brukt til kantslåtteutstyr og sandstrøyar.

5.5 KOMITÉ FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG

MÅLEKART OMSORGSTENESTER	MÅL	Resultat SSB			
	2015	Stord 2013	Stord 2012	Grp. 8 2013	Landet 2013
Del årsverk m fagutdanning	>81	81	75	76	75
Del årsverk m fagutdanning frå høgskule/ universitet	>44	44	41	35	34
Snitt tildelte timar i heimen, heimesjukepleie	>7,7	7,7	6,8	5,9	4,7
Snitt tildelte timar i heimen, praktisk bistand	<7,0	7,0	7,0	8,9	8,5
Heimeten.mottakarar med omfattande bistandsbehov, 67 år og over i prosent	19,5	19,5	25,1	13,7	12,5
Brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov (langtidsopphald) %	>91,7	-	91,7	82,6	81,4
Tid med lege per veke per bebuar i sjukeheim (timar)	>0,41	0,41	0,48	0,43	0,47
Tid med fysioterapi per veke per bebuar i sjukeheim (timar)	>0,17	0,17	0,19	0,41	0,37

Ved innføring av Samhandlingsreforma vert nye oppgåver lagt til kommunen og det er naudsynt med auka kompetanse. Mellom anna ser kommunen på mogleiken for å utdanna eigne tilsette til helsefagarbeidarar.

Terskelen for å få heimesjukepleie er høg og dei som har størst behov skal prioriterast, jf. delmål 4 i RHO-planen som seier at personar med størst behov vert prioritert og har god tilgang på tenester. For å frigjera ressursar til dette, legg ein opp til å redusera noko av omfanget av praktisk bistand.

Prosentdel av tenestemottakarar med omfattande behov, både i heimetenesta og på sjukeheim, viser kvifor det blir brukt relativt store ressursar til kvar brukar.

MÅLEKART HELSETENESTER	MÅL	Resultat SSB			
	2015	Stord 2013	Stord 2012	Grp. 8 2013	Landet 2013
Legeårsverk pr 10000 innb	>11,4	11,4	10,8	9,2	10,2
Snitt listelengde fastlegar	<1008	1008	1001	1160	1125
Del fysioterapi årsverk pr 10000 innb	>6,5	6,5	6,3	9,1	8,9
Reservekapasitet fastlege	>100	100	100	104	105

Tilgjenge til fastlege og ordningar som gjev meir «døgnopne kommunar» i helse- og omsorgstenesta er grunnleggjande føresetnader for å kunna stetta krav i nytt lov- og føreskriftsverk. Dette krev tilrettelegging og utvikling av utvida samarbeid i helse- og omsorgstenesta.

MÅLEKART NAV KOMMUNE	MÅL		Resultat SSB		
	2015	Stord 2013	Stord 2012	Grp. 8 2013	Landet 2013
Snitt stønadslengde 18-24 år , mnd.	<3,7	3,7	4,3	-	-
Snitt stønadslengde 25-66 år, mnd.	<3,4	3,4	4,0	-	-
Del som går over 6 månader på stønad i %	<19	19	27	-	35
Tal sos.hjelpmottakarar som får gjeldsrådgjeving ved utbet.	>32	32	28	-	-
Deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet 18-66 år	>18	18	19	-	-
Arbeidsledige, 15 – 29 år, prosent	<2,8	2,8	-	1,8	2,2
Prosentdel uføretrygda 18 – 44 år	<2,8	2,8	2,4	2,3	2,5

Status

Samhandlingsreforma er inne i sitt tredje år etter oppstart. Framleis vil det ta nokre år før heile reforma er gjennomført. Samarbeidet mellom helseføretaket og kommunane er regulert i 11 avtalar, og det er oppretta ulike samarbeidsfora. Avtalane vert revidert ved behov.

Kommunen har behov for fleire institusjonsplassar. Det er fleire sterkt omsorgstrengande heimebuande som burde hatt ein institusjonsplass, og kommunen klarar ikkje å ta imot alle ferdigbehandla brukarar frå Helse Fonna.

Innan 2016 er kommunane pålagt å ha akutt-plassar. Planlegginga av desse har kome godt i gang og det er oppretta eit samarbeid med sjukehuset og nabokommunane.

Ved sist årsskifte vart kommunen teke opp i Husbanken sitt bustadsosiale velferdsprogram. Hovudmålet med programmet er at fleire vanskelegstilte skal bu i stabile og varige butilhøve. Kommunen får tilskot frå Husbanken til

dette arbeidet i inntil seks år og jobbar i nettverk med andre kommunar på Vestlandet. I inneverande år var tilskotet kr 1,0 mill. Programleiar er løna av desse midlane.

Heimerehabilitering og utprøving i bruk av velferdsteknologi vert vidareført i 2015. Målet med desse er å effektivisera tenestetilbodet og vera med å utsetja behov for innlegging i institusjon.

Samarbeidet med Kirkens bymisjon om arbeidstilbod for rusavhengige (1 jobb) er vidareført. Sidan kommunen ikkje lenger får statstilskot til dette, er tiltaket finansiert med interne omprioriteringar.

Avtalen med YSS (Ytre Sunnhordland samhandlingsteam) går frå 2015 over frå prosjekt til drift, og vert av økonomiske årsaker sagt opp. Kommunen vil gje tenester til målgruppa med eigne tilsette.

I økonomiplanen ligg det inne oppstart av prosjekt i høve nye dagplassar, nye institusjonsplassar, nye

NAV kommune vil utvikla tenestene slik at perioden den einskilde mottar økonomisk stønad er kortast mogleg. Bemanninga knytt til Kvalifiseringsprogrammet er styrka og ein vonar at denne kapasitetsauken vil medføre auka tal deltakarar. Tal på yngre arbeidsledige og uføretrygda er høgare enn landssnittet og må ha ekstra merksemd.

bufelleskap for ulike grupper, bustader for flyktingar og for rusmisbrukarar. I tillegg til kostnader med utbygging vil ein få til dels store driftsutfordringar når desse er utbygd.

Utfordringar

For å halde seg innanfor den økonomiske ramma er det gjort nedtrekk på dei fleste driftsområda. Dette går særleg ut over vikarbudsjetten og fører til at innleige ved sjukdom, permisjon og feriar vert ytterlegare innskjerpa. Eigenbetalinga aukar på dei fleste områda. Det har i inneverande år vist seg at det i ein del høve har vore umulig å unngå vikarinneleige for å kunne yta forsvarlege, lovpålagde tenester. Det er difor usikkert om alle einingane klarar å halda seg innanfor rammene gjennom året.

Rehabilitering, helse- og omsorgstenestene vil framleis prioritera dei som har størst behov for hjelp. Nye brukarar vert ei utfordring då det ikkje er sett av midlar til dette.

Budsjettering av tilskot for ressurskrevjande tenester er utfordrande. Tilskotet vert utbetalt etterskotsvist og i 2014 var tilskotet på vel 35 mill. Dersom det skjer endringar i brukarbehov i løpet av året, kan dette få store konsekvensar for tilskotet ein har berekna.

5.5.1 Sosialtenester, NAV

I tråd med at NAV skal ha eit tidlegare og tydelegare arbeidsretta fokus på tenestene, er det sett i gong nytt tiltak «Springbrettet». Dette tiltaket stiller vilkår for ordinære arbeidssøkjjarar som oppsøker NAV for å få stønad. Hovudmål er at vedkomande skal få seg utdanning eller jobb.

Auka bruk av tolketeneste i kombinasjon med behov for tenester i samband med fleire busetjingar, gjer det naudsynt å omprioritere fleire midlar til flyktingtenesta. Det er budsjettert med å busetja tilsvarende tal på flyktingar i 2015 som i 2014 (20 + familiesameiningar).

Økonomisk stønad til livsopphald har fått auka satsar, noko som saman med auking av husleige til marknadsleige kan føra til auka kostnader. Dette er ikkje teke høgde for i budsjettet.

5.5.2 Sosial og førebyggjande tenester (SOFT)

SOFT Består av ni ulike tenester for born, unge og vaksne, førebyggjande helsetenester, helsestasjons- og skulehelseteneste, spesialpedagogisk team, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), utekontakt, samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT), program buoppfylgging i Stord kommune (PROBIS), tillitsperson, Hamna kontaktsenter og medikamentassistert rehabilitering (MARIS).

Utviklingsområde

«Betre Tverrfagleg Innsats» og psykisk helse er utviklingsområde SOFT skal jobba med, og som vil involvere alle dei ulike tenestene for barn og unge. Målet er at oppveksttenestene skal vere tidlegare inne med å avdekkje vanskar hjå barn og unge, og kunne gi dei rette og gode tenestene

Psykiske vanskar og lidingar hjå barn og unge kan føra til manglande trivsel, lærevanskar og funksjonsvanskar i heim og skule. På nasjonalt nivå reknar ein at 15–20 prosent av barn mellom 3 og 18 år til ei kvar tid har nedsett funksjon pga. symptom på psykiske lidingar. Undersøkingar tyder på at halvparten av desse, vil ha trong for behandling frå kommunale tenester eller frå spesialisthelsetenesta. (Prop. 1 S (2013–2014), Helse- og omsorgsdepartementet)

Førebyggjande helsetilbod

Helsedirektoratet har i 2014 gitt eit tilskot til 2,5 psykologstillingar, inntil 1 280 000,- mill. kr til Stord kommune. Dette vil for Stord kommune kunna medføra ei ekstra satsing på førebyggjande helse og utvida, styrkja og gje eit meir heilskapleg førebyggjande tilbod til barn og unge, samt kunna gje tilbod til personar med psykiske problem og/eller rusproblem i alle aldersgrupper. Kommunen kan søkja om statlege tilskot i ytterlegare 5 år, tilskotet frå staten vil i åra framover utgjera ein mindre og mindre del av totalsummen. I forslag til budsjett for 2015 ligg det inne kommunal eigenfinansiering med 0,37 mill. kr.

Det er dialog med Fitjar kommunen om mogeleg sal av tenester innanfor SLT, førebyggjande helse og LAR.

Brukarar med rus- og psykiatriproblematikk

I høve brukarar som har budd lenge på institusjon med rus og psykiatriproblematikk vert det forventa at kommunen skal gje desse tilbod. Fleire har omfattande behov for oppfølging og kommunen må lage særskilde tilbod for å kunne ta imot desse.

Fylkesmannen gir tilskot til arbeid med Stordmodellen. Dette er eit prosjekt der ein jobbar mot personar med ROP-lidingar (rus og psykiatri). Her er det sentrale å hjelpa desse med å skaffa seg bustad og gje dei heilskaplege og samanhengande tenester for at dei skal klara å fungera stabilt. Det vert jobba tverrfagleg saman med NAV og kommunalt eigeidomsføretak i høve aktuelle brukarar.

Hamna kontaktsenter er eit lågterskeltilbod for personar med psykiske vanskar. Det siste halvåret har i underkant av 100 personar hatt kontakt med senteret, der det er tilsett 3,5 årsverk.

Ytre Sunnhordland Samhandlingsteam (YSS) er eit samhandlingsprosjekt med DPS og nabokommunane. Målgruppa er pasientar som fell utanom etablerte behandlingstilbod ved DPS og i kommunane og som er i diagnosegruppene alvorleg psykisk liding åleine og/eller alvorleg rusproblematikk. Her har ein fanga opp pasientar som ikkje møter til vanleg behandling og hindra unødige innleggingar. 20 personar i Stord kommune vert følgt opp pr. oktober 2014. Tilskot frå Helsedirektoratet går ut ved årsskiftet og det er ikkje lagt inn midlar til vidareføring av dette prosjektet. Det er viktig å gå i dialog med Stord DPS korleis kommunen skal samhandla vidare i høve denne målgruppa.

5.5.3 Habilitering

Personar med utviklingshemming har på lik line med resten av befolkninga fått auka levealder dei siste tiåra. Brukarane får blant anna auka fysiske plager og treng andre tenester og tettare oppfølging enn tidlegare. Kommunen har lite kompetanse innanfor området eldre og utviklingshemming og må difor ha fokus på kompetanseheving.

Dei siste åra har ein auka talet på dagplassar med å fortette eksisterande tilbod på Vidstentunet og Sæbøgard. Dette er gjort utan å auka opp budsjetttrammene. Det er pr. i dag registrert 5 personar som ikkje har tilbod (korrigert for dei som kan gjere seg nytte av enkeltarbeidsplassar og Podlen verkstad). I økonomiplanperioden er det omlag 15 nye personar som vil ha trong for dagplass. Det er stort behov for å kome i gong med planlegging og bygging av nytt dagtilbod i samsvar med gjeldande økonomiplan. Det ligg inne kr 26,0 mill. i 2015/16 til nybygg. Driftskostnader vil ha ei gradvis opptrapping med om lag kr 2,1 mill. i 2016 til i underkant av kr 3,4 mill. i 2018. Fleire brukarar har fått innvilga omfattande avlastingstilbod og utbetaling av omsorgsløn har òg auka det siste året.

5.5.4 Institusjonsdrift

Stord kommune har eit rimeleg stort etterslep på institusjonsplassar. Dette gjev seg utslag i at me stadig har ferdigbehandla pasientar som ligg på sjukehus i påvente av kommunalt tilbod. Pr. januar 2014 er det 659 personar over 80 år i Stord kommune. I følgje statleg norm på 25 prosent av innbyggjarar over 80 år, skulle kommunen i dag hatt 165 institusjonsplassar. Kommunen har i dag 125 institusjonsplassar (inkl. Knutsaåsen som er ein avheimla institusjon), altså 40 plassar mindre enn anbefalt.

I følgje SSB sin framskrivingsstatistikk (middels nasjonal vekst) har kommunen i 2020 behov for 189 plassar og i 2030 heile 305 plassar. Behovet er altså 180 nye institusjonsplassar innan 2030. Talet vil kunne påverkast ved etablering av alternative tilbod. Sidan auken i eldre særleg eskalerer etter år 2020, er det viktig å starta utbygginga no, slik at ein er førebudd på denne sterke auken.

I forslag til økonomiplan ligg det inne kr 2,0 mill. til prosjektering og kr 115,0 mill. til bygging i 2016 og 2017. I Kommunestyresak PS 33/2014 (arelaeffektiviseringsaka) vart følgjande vedteke:

«Kommunestyret ber rådmannen vurdere 2+3 høgda i Backertunet for omdisponering til omsorgsbustader og/eller sjukeheimplassar»

Vedtaket vil vert følgd opp i samband med forprosjekt arealeffektivisering og må sjåast i samanheng med bygging av nye plassar. Ein sjukeheimplass kostar om lag kr 1,0 mill. å drifte, litt avhengig av kva synergjar ein kan få til. Dersom ein fasar inn 5 nye sjukeheimplassar kvart år frå 2017, vil kostnaden vera om lag kr 5,0 mill aukande med kr 5,0 mill kvart år vidare i perioden.

På Stord sjukeheim er det i 2014 opna 3 nye rom. Desse er vidareført og finansiert i 2015. Store utfordringar knytt til ulike pasientgrupper har gjort det naudsynt å setja i gong tiltak for å betra arbeidsmiljøet, og eit demensprosjekt er starta for å setja institusjonane betre i stand til å ta imot og vurdere nye, utfordrande pasientar. Stord sjukeheim har som mål å ha nokre korttidsplassar til ei kvar tid. Som følgje av at det er for få institusjonsplassar i kommunen, har ein vore nøydd til å bruka desse plassane til langtidsplassar. Av same grunn vert brukarar med behov for langtidsopphald lagde inn på Rehabiliteringssenteret. Ferdigbehandla pasientar

frå sjukehuset vert prioritert i dei få korttidsplassane som er tilgjengeleg. Dette gjer det vanskelegare for heimebuande å få avlastings-, korttids- og opptreningsopphald i kommunen.

Føremålet med arbeidet i demensteamet er tidleg utgreiing og diagnostisering av personar med demens, slik at rett tiltak vert sett i verk for brukar og pårørande. Teamet er mykje nytta og dei har i dag ei venteliste på 20 personar.

Knutsaåsen omsorgsenter har over tid fått eit stort etterslep på vedlikehald. Dette gjev seg utslag i at bygget forfell. Det er no laga ein plan for å kome i gang med rehabilitering, noko som må gå over mange år. I budsjettforslaget ligg det inne kr 3,0 mill. i 2015, 16 og 17. Prioriterte tiltak vil vera utvendig påkosting (dørrar, vindauger, kledning og utbetring tilkomst for rullestol). I gjeldande økonomiplan ligg det inne kr 6,4 mill. til utskifting ventilasjonsanlegg. Ved Stord sjukeheim er det lagt inn kr 150 000 til å få på plass trådløst nett for pasientar/pårørande.

Kommunane har krav på seg til å opprette akuttsplassar innan 1.1.2016. Ein arbeider no saman med Bømlo og Fitjar for å få til eit interkommunalt samarbeid om slike plassar. Eit forprosjekt konkluderer med at akuttsplassar bør knytast opp mot legevakta i eit nybygg nærast mogeleg Stord sjukehus. Ei akuttavdeling må og innehalde observasjonsplassar for å få den mest mogeleg driftseffektiv. Utgangspunktet er ei sengeavdeling med minimum ni sengeplassar. Styret i Helse Fonna er positive til ei løysing der kommunane får disponere ei tomt tett opp mot Stord sjukehus. Det er sett av kr 2,1 mill. i prosjekteringskostnader i 2014 og kr 13, 1 mill. i brutto byggekostnader (Stord kommune sin del) i 2015. Det er berekna at Stord vil få om lag kr

8,5 mill. i statstilskot og mva-refusjon. Forprosjektet vil avklara driftskostnader, noko ein lyt koma attende til i 2016-budsjettet. I økonomiplanen er det førebels lagt inn kr 7,3 mill. i årlege driftskostnader. Halvparten av dette skal vera finansiert gjennom statlege midlar.

5.5.5 Aktivitet og rehabilitering

I budsjettforslaget er det lagt inn kr 150 000 til Stord kommunale rehabiliteringssenter for utviding av garderobe knytt til pålegg frå Arbeidstilsynet.

Frisklivssentralen er vidareført i 2015. Dette er eit lågterskeltilbod til personar som av ulike grunnar treng å endra levevanar. Sentralen har mellom anna kurs i fallførebygging, røykeslutt, matlaging og depresjonsmeistring.

Sett i lys av Samhandlingsreforma og at brukarar skal tidlegare heim frå sjukehus, er det stor auke i behov for hjelpemiddel og tilrettelegging i heimane. Kommunen har pr. i dag underkapasitet på servicemann og eroterapitenester. I høve ergoterapi er det venteliste på ca 60 brukarar.

Arbeid med heimerehabilitering held fram. Her er det tverrfagleg arbeid med ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleiar og motiverte brukarar som blir rehabilitert i eigen heim.

5.5.6 Heimebaserte tenester

Stilling som kreftkoordinator er vidareført i samarbeid med kreftforeininga, som gjev 75 prosent lønnstilskot i 3-4 år frå 2012. Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod med målsetting om å hjelpe pasientar og pårørande i heile sjukdomsforløpet. Godt samarbeid og koordinering rundt kreftpasientar gjev betre og lengre «heimetid», og dermed samfunnsøkonomisk gevinst.

Avdeling psykisk helse er i løpet av 2014 styrka grunna store utfordringar i fagfeltet, ikkje minst i kombinasjonen mellom psykiatri og rus. Denne styrkinga er vidareført.

Som oppfølging av pålegg frå Arbeidstilsynet er det lagt inn ressursar til leige og vask av uniformar, Meirkostnad er 0,5 mill kr. Dette kjem på plass når lager og garderobe i underetg i SKE-bygget i Leirvik er ferdig utbygd.

Prosjekt velferdsteknologi er vidareført finansiert i eit samarbeid med Helsedirektoratet. I tillegg til vidareføring av tryggleiksalarmpakkar, ynskjer tenesteområdet i 2015 pilotprosjekt på bruk av video- og bildeteknologi, spesielt innanfor heimerehabilitering.

Det ligg inne kr 1,5 mill. i 2015 til innkjøp el bilar/transport og fleire ladestasjonar. Rådmannen har sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på bilordninga i kommunen. Dette arbeidet omfattar vurdering av om kommunen har eit optimalt tal bilar og bilavtalar, samla og einingsvis. I tillegg ser ein på om kommunen bør eige fleire bilar, og om ein bør organisere drifta av bilparken på anna vis. Det siste punktet inkluderer ynskje om større sambruk, t.d. ved at ein kan bestille bilar slik ein i dag bestiller møterom.

5.5.7 Kundetorget

Eininga har effektivisert rutinar, forenkla malar og endra organiseringa av arbeidet, men har likevel lang restanseliste i høve lovpålagde vedtak. Dette må arbeidast vidare med i 2015. Eit av tiltaka er digitalisering av pasientarkiv og det ligg inne kr 0,75 mill. til dette føremålet. I budsjettforslaget ligg det inne forslag om å redusere ytre Kundetorg med eit årsverk. Konsekvensane av dette er ikkje ferdig utgreidd, men ein vil måtte løyse utfordringane med å omfordele arbeidsoppgåver og redusere internservice.

5.5.8 Bustader for personar med særskilte behov

Overordna bustadgruppe har vurdert bustadbehov for vanskelegstilte og funksjonshemma innbyggjarar i perioden 2014- 2017. Med bakgrunn i dette og i samarbeid med Stord kommunale eigedom KF vert økonomiplanen korrigert på følgjande måte:

1. Fem nye husvære for flyktningar - kostnad om lag kr 14,5 mill.
2. To modulbustader som kan nyttast av personar med rusproblematikk – kostnad om lag kr 2,5 mill.
3. Bufellesskap for personar med utviklingshemming inklusiv personalbase – kostnad om lag kr 16,8 mill.

Bustadane er tenkt å vera sjølvfinansierande med statstilskot, mva. kompensasjon og husleige. Når det gjeld driftskostnader for bufellesskap er det vanskelig å estimere av di brukarane får fastsett nivået på tenester etter ei konkret vurdering. Basert på erfaringstal frå andre bufellesskap vil kostnadene med full drift vera om lag kr 9,5 mill. årleg. Ein del av desse kostnadane vert refundert gjennom finansieringsordninga for ressurskrevjande brukarar.

5.5.9 Legetenesta

Interkommunal legevakt saman med Fitjar og Bømlo er vidareført med heilårsdrift i 2015. Legevakta er open mellom kl.16 og 08 i vekedagane, i tillegg til helga. Det har i lengre tid vore lite og til dels ingen tilgang på ledige listeplasser hjå fastlegane i Stord. Pasientrettslova krev at folk får godt nok høve til å velja og byta fastlege. Det må og vera kapasitet til vurdering hjå annan allmennlege («second opinion»). Det er politisk vedtak (PS sak 13/13 i RHO komiteen) på å kunne tilsette nye fastlegar som næringsdrivande med opning for utjamningstilskot dei første to til tre år inntil pasientgrunlaget er sikra.

5.6 KOMMUNALE FØRETAK

Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingsattsar og avgifter. Kommunestyret vedtek nettoramme drift for Stord vatn og avlaup KF spesifisert etter ansvar og tenesteområde. For Stord kommunale eige-dom KF fastset kommunestyret internhusleige og vedtek overføringa til Stord kommune til dekning av kalkulatorisk rente og avdrag, samt overføring til grøntavdelinga spesifisert etter ansvar og tenesteområde.

Etter at kommunestyret har vedteke budsjettet skal styret for føretaket utarbeida eit spesifisert budsjett som skal sendast fylkesmannen i samsvar med retningslinene i § 2 i Forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsmelding for kommunale føretak.

Styret for føretaket har mynde til å omdisponera midlar mellom budsjettformål og/eller prosjekt innanfor føretaket sine budsjetttrammer. Omdisponeringar skal leggast fram som meldingssak til kommunestyret. Slike omdisponeringar skal likevel ikkje vera i strid med økonomireglementet om avgrensingar og føresetnader knytt til fullmakter, dvs. at endringane ikkje skal vera i konflikt med mål og prioriteringar i årsbudsjettet eller andre politiske vedtak. Føretaka sine budsjettframlegg følgjer som vedlegg til kommunebudsjettet.

5.6.1 Stord kommunale eige-dom KF (SKE KF)

Det kommunale føretaket fastset ei internhusleiga som skal reflektera kostnaden ved arealbruk. Internhusleiga skal også dekkja føretaket sine drifts-, kapital-, og vedlikehaldskostnader. Føretaket legg i sitt budsjettframlegg opp til ein husleigeauke i 2015 på nærare 6,2 mill. kr, eller 12 prosent.

Rådmannen gjer framlegg om at internhusleiga og overføring til park/grøntavdelinga vert auka med 3 prosent i høve til 2014. Det er lagt inn tilsvarande husleigeauke på bygg eigde av Stord kommunale eige-dom AS. Det er og lagt inn kr 144 000 for å dekke auke i bruk av saltimar Stord idrettspark.

I tillegg kjem reduserte utgifter til rekneskap-, løn og personal som følgje av at føretaket ikkje lenger har ansvaret for reinhaldstenestene. Overføringa til kommunen skal dekke kalkulatoriske renter og avdrag og er redusert med 0,6 mill. kr i høve til 2014. Føretaket si netto ramme er etter dette styrka med 2 763 757 i høve til 2014. I tillegg kjem auka husleige for bustader til marknadsnivå, jf. kommunestyrevedtak PS 88/13. Dette utgjør om lag 1,1 mill. kr.

Det er i samsvar med økonomiplanen lagt opp til investering i enøk, innemiljø, brannsikring og HMS-tiltak på kommunale bygg med til saman kr 7,5 mill.

BUDSJETT SKE KF	2014	2015	Endring
Internhusleige	50 753 791	52 570 626	1 816 835
Overføring frå kommunen (park/grønt)	3 801 613	3 915 660	114 047
Overføring til kommunen (kapitalkostnader)	-38 700 000	-38 100 000	600 000
Overføring til kommunen (løn, rekneskap og personal)	-426 375	-193 500	232 875
Netto ramme	15 429 029	18 192 786	2 763 757

Stord kommunale eige-dom KF sitt budsjettforslag ligg i vedlegg 9.1. Føretaket har utarbeida forslaget etter mal for aksjeselskap og altså ikkje i samsvar med dei kommunale rekneskapsreglane. Det framstår som at budsjettet er lagt frem med ein underbalanse på 8,3 mill. kr. Dette skuldast at føretaket budsjetterer med avskrivingskostnader i staden for avdrag. I kommunale budsjett/rekneskap vert avskrivning nulla ut med ein motpost, og ein nyttar i staden reelle avdragskostnader. Dersom ein korrigerer for dette, er budsjettforslaget til Ske kf i balanse.

5.6.2 Stord vatn og avlaup KF (SVA KF)

Kommunedelplanane for vassforsyning og avlaup er under revisjon, ein ventar at dei er ferdig handsama i februar 2015. Investeringsbudsjettet for planperioden er tufta på handlingsprogramma i desse planforslaga. I kommunedelplan for avlaup vil det vera teke høgde for reinsekrava frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif). I budsjettforslaget ligg inne ein avgiftsauke på 12,4 prosent på vassforsyning. Ein viser elles til budsjettforslaget frå føretaket i vedlegg 9.2. Ein stord del av investeringsbudsjettet, om lag 30 mill. kr, går til samarbeidsprosjekt med lokale utbyggjarar i kommunen.

Føretaket legg opp til følgjande kommunale eigedomsgebyr for 2015:

BUDSJETT SKE KF		2014	2015	Endring
Vassavgift	Årsavgift vanleg bustad	3 188	3 518	395
	Tilknytingsavgift	15 000	15 000	0
Avløpsavgift	Årsavgift vanleg bustad	3 739	3 739	0
	Tilknytingsavgift	15 000	15 000	0
Renovasjon	Standard løysing SIM	1 902	1 902	0

Rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

6. Finans, avgifter, betalingssatsar

6.1 Gebyr og betalingssatsar	51
6.2 Finansinntekter og -utgifter, lånegjeld	51

6. Finans, avgifter, betalingsattsar

6.1 GEBYR OG BETALINGSSATSAR

Dei kommunale vatn, avlaup og renovasjonsavgiftene vert fremja av det kommunale føretaket Stord vatn og avlaup KF, jf. avsnitt 5.6.2 over.

Budsjettforslaget har innarbeida ein avgiftsauke på 7 prosent på gebyr for feiing og branntilsyn. Dette for å dekke inn tidlegare underskot innanfor området. Torgavgift er forslått auka med 5 prosent. Forslag til gebyrregulativ følgjer som vedlegg til budsjettframlegget, men skal handsamast i komiteane i medhald av kommunen sitt økonomireglement.

6.2 FINANSINTEKTER OG -UTGIFTER, LÅNEGJELD

Kommunen si samla lånegjeld eksklusiv startlån vil ved utgangen av 2014 vera på kr 1 239 mill. Stord hamn sin del av gjelda er kr 14,5 mill. Kommunen har vidareutlånt startlån for kr 121,8 mill.

Minimumsavdrag er rekna ut etter bestemmelsane i kommunelova § 50 nr. 7. Det er lagt til grunn minimumsavdrag for heile planperioden. Kommunen har store låneopptak til investeringsprosjekt som står som unytta lånemiddel anten fordi prosjektet ikkje er starta opp (utsett/forseinka) eller ikkje vert realisert. Rådmannen foreslår no å nytte desse som finansiering av investeringar i 2015, og med det redusere nye låneopptak. Dette vil lette rente og avdragsbelastinga i 2014, og er i tråd med ny vegleiar om budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsrekneskapen utgjeven av kommunal – og regionaldepartementet.

Aktuelle prosjekt er:

• Nye institusjonsplasser,	kr 2 300 000
• Ådland studentheim,	kr 880 000
• Dagtilbod funksjonshemma	kr 500 000
• Nytt nødnett	kr 400 000
• IKT/div småprosjekt	kr 1 348 000
• Stord Vatn og avlaup	kr 20 000 000
Sum	kr 25 428 000

Samla reduserer desse låneopptaket i 2015 tilsvarande.

Det vert gjort framlegg om at følgjande løyvingar vert overført til 2015-budsjettet:

• Prosjekt arealeffektivisering	kr 1 348 000
• Riving Litlabø skule	kr 20 000 000
• Prosjektering nye institusjonsplassar	kr 1 000 000
• Prosjektering bustader yngre funksjonshemma/vanskelegstilte	kr 300 000
Sum	kr 2 372 000

FORESLÅTT LÅNEOPPTAK I PERIODEN (1000 KR)	2015	2016	2017	2018
Startlån	25 000	25 000	25 000	25 000
Avgiftsfinansierte låneopptak	78 440	145 500	146 700	133 600
Lån Stord Hamn ⁴	30 430	1 160	800	550
Andre lån	42 418	145 656	124 959	8 113
Sum låneopptak	145 858	196 679	275 219	233 843

Det er lagt til grunn ei flytande rente på 2,14 % i 2015 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. Vidare i økonomiplanen har ein lagt desse rentene til grunn: 2016: 2,72 %, 2017: 3,3 % og 2018: 3,82 %. Dette er eit noko høgare rentenivå enn Norges bank og marknaden opererer med, men er gjort etter råd frå vår forvaltar på finanssida, Bergen Capital Management.

LÅNEGJELD PER 31.12 (MILL. KR)	2014	2015	2016	2017	2018
Total lånegjeld	1 393	1 531	1 808	2 057	2 170
Formidlingslån/startlån	-122	-139	-156	-173	-190
Eigne lån	1 271	1 392	1 652	1 884	1 980
Utlån til Stord Hamnestell	-15	-44	-43	-43	-42
Lån finansiert over VA-området	-441	-521	-649	-774	-881
Sum lån ekskl. VA og hamn	815	828	960	1 068	1 058

BEREKNA RENTER OG AVDRAG (1000 KR)	2015	2016	2017	2018
Renteutgifter	56 219	66 689	79 469	79 373
Avdragsutgifter	37 871	40 589	48 055	54 896
Sum rente og avdrag	94 091	107 278	127 523	134 269
Interne renter og avdrag (sjølvkost)	-35 370	-42 649	-51 896	-61 210
Netto rente og avdrag	58 720	64 629	75 628	73 058
Sum lån ekskl. VA og hamn	815	828	960	1 068

⁴ Konsekvensane av låneopptak for hamneføremål er innarbeidde i budsjettforslaget. Endeleg låneopptak for hamneføremål for 2015 vil verta handsama i samband med budsjettet for Stord hamnestell.

I årsbudsjettet for 2015 er det forventet slik avkastning på kommunen sine midlar:

AKTIVAKLASSE	Kapital 1000 kr	Forventa avkastning i %	Budsjettert uttak avkastning i 1000 kr.
Lån kraftsalfond/kontanter	15 000	2,93 %	440
Obligasjonar	77 014	3,83 %	2 950
Aksjar	33 006	8,34 %	2 753
Andel kraftselskap (SKL)			1 827
Renter av andre plasseringar og utlån			7 675
Sum			15 645

Andre plasseringar er m.a. startlån (ca. 2,910 mill. kr), renter av bankinnskott/skattetrekkkonto (ca. 4,246 mill. kr), og morarenter (ca. 0,510 mill. kr).

Aksjedelen i porteføljen vart i 2012 teken ned for å redusere risikoen og for å sikre kommunen ein mindre volatil ("svingande") og meir føreseieleg avkastning i den komande perioden. I budsjettframlegget legg ein til grunn at aksjeandelen vert auka til 30 prosent. Dette er det maksimale finansreglementet gjev høve til. Det bør vurderast om ei eventuell meirinntekt skal setjast på fond for å møte eventuell mindreavkastning i framtida, og for på denne måten å redusere risikoen.

7. Tabellar

7.1 Budsjettskjema 1A drift.....	55	7.5 Budsjettskjema 2A investering	77
7.2 Hovedoversikt drift.....	59	7.6 Hovedoversikt investering.....	78
7.3 Netto ramme, fordelt einingsvis.....	62	7.7 Spesifikasjon investering, Stord kommune	80
7.4.1 Netto ramme, formannskap, per ansvar og teneste.....	64	7.8 Spesifikasjon investering, Stord kommunale eigedom KF	86
7.4.2 Netto ramme, OOU-komite, per ansvar og teneste.....	67	7.9 Spesifikasjon investering i Stord vatn og avlaup KF	91
7.4.3 Netto ramme, NMK-komite, per ansvar og teneste.....	72	7.10 Samla investeringsramme Stord kommune inkl. føretak	99
7.4.4 Netto ramme, RHO-komite, per ansvar og teneste.....	74	7.11 Spesifikasjon låneportefølje	103

7.1 BUDSJETTSKJEMA 1A DRIFT

BUDSJETTSKJEMA 1A

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsj. 2014rev	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER							
1 Skatt på inntekt og formue 1)	-442 091 941	-465 769 000	-465 769 000	-489 325 000	-503 116 000	-516 908 000	-530 484 000
2 Ordinært rammetilskot 1)	-392 628 819	-407 525 000	-407 525 000	-404 371 000	-420 083 000	-433 262 000	-446 311 000
3 Skatt på eigedom	-39 276 459	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000
4 Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-	-	-	-	-
5 Andre generelle statstilskot 2)	-16 241 227	-20 053 269	-20 206 656	-23 528 219	-28 706 856	-29 133 723	-29 380 911
6 Sum frie disponible inntekter	-890 238 446	-933 347 269	-933 500 656	-957 224 219	-991 905 856	-1 019 303 723	-1 046 175 911
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER							
7 Renteinntekter og utbytte 3)	-45 980 969	-45 993 719	-46 635 719	-52 830 393	-63 330 783	-74 747 799	-81 066 682
8 Gevinst på finansielle instrument	-	-	-	-	-	-	-
9 Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	48 831 439	50 071 526	49 971 526	56 219 477	66 689 494	79 468 535	79 372 563
10 Tap på finansielle instrument	-	-	-	-	-	-	-
11 Avdrag på lån	33 177 761	32 020 613	33 740 000	37 871 247	40 588 595	48 054 617	54 896 094
12 Netto finansinntekter/-utgifter	36 028 232	36 098 420	37 075 807	41 230 331	43 947 306	52 775 353	53 201 975

7.1 BUDSJETTSKJEMA 1A DRIFT

BUDSJETTSKJEMA 1A

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsj. 2014rev	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
AVSETNINGAR OG BRUK AV AVSETNINGAR							
13 Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk 5)	12 956 265	16 290 165	16 290 165	-	-	-	-
14 Til bundne avsetningar	7 134 112	-	47 000	30 895	-	-	-
15 Til ubundne avsetningar	-	-	-	24 002 327	39 010 000	39 010 000	39 010 000
16 Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	-12 956 265	-30 775 703	-30 775 703	-37 314 412	-39 010 000	-39 010 000	-39 010 000
17 Bruk av ubundne avsetningar	-6 786 753	-	-	-24 000 000	-39 010 000	-39 010 000	-39 010 000
18 Bruk av bundne avsetningar 5)	-	-721 208	-3 519 155	-4 171 085	-	-	-
19 Netto avsetningar	347 359	-15 206 746	-17 957 693	-41 452 275	-39 010 000	-39 010 000	-39 010 000
FORDELING							
20 Overført til investeringsbudsjettet 5)	2 515 146	-	-	24 000 000	39 010 000	39 010 000	39 010 000
21 Til fordeling drift	-851 347 709	-912 455 595	-914 382 542	-933 446 163	-947 958 550	-966 528 370	-992 973 936
22 Meirforbruk/mindreforbruk = 0	-32 483 374	-39 288 213	-37 314 412	-39 009 908	-38 974 824	-38 958 215	-38 921 194

7.1 BUDSJETTSKJEMA 1A DRIFT

1) SKATT OG RAMMEOVERFØRING (mill. kr)	2014 anslag	2015	2016	2017	2018
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	408 501	410 664	426 553	439 910	453 133
Selskapsskatt	0	0	0	0	0
Netto inntektsutjamning	-6 040	-6 293	-6 470	-6 648	-6 822
Sum rammetilskot	402 461	404 371	420 083	433 262	446 311
Skatt på inntekt og formue	466 149	489 625	503 116	516 908	530 484
Sum frie inntekter, ramme og ordinær skatt	868 610	893 996	923 199	950 170	976 795
Avrunda	868 600	893 700	923 200	950 200	976 800
Eigedomsskatt	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
Sum frie inntekter inkl. eigedomsskatt	908 610	933 996	963 199	990 170	1 016 795
<i>Endring i dei frie inntektene (%) ekskl. eigedomsskatt</i>	<i>4,20 %</i>	<i>2,90 %</i>	<i>3,30 %</i>	<i>2,90 %</i>	<i>2,80 %</i>
<i>Endring i dei frie inntektene (%) inkl. eigedomsskatt</i>	<i>4,10 %</i>	<i>2,80 %</i>	<i>3,20 %</i>	<i>2,80 %</i>	<i>2,70 %</i>

2) ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT	2015	2016	2017	2018
Flyktningetilskot	-15 784	-17 441	-18 377	-18 771
Statstilskot flyktningemottak	-1 700	-1 751	-1 803	-1 858
Statstilskot snøggjelp		-3 650	-3 650	-3 650
Rentekompensasjon skuleanlegg	-1 675	-1 571	-1 434	-1 297
Rentekompensasjon skuleanlegg Reform-97	-873	-856	-494	-494
Rente-/avdragskompensasjon omsorgsbustader/institusj plasser	-3 272	-3 220	-3 169	-3 117
Rentekompensasjon kyrkjebygg	-225	-217	-206	-193
Sum	-23 529	-28 706	-29 133	-29 380

7.1 BUDSJETTSKJEMA 1A DRIFT

4) FINANSBUDSJETTET	2015	2016	2017	2018
Berekna utbytte frå SKL	-1 827	-1 827	-1 827	-1 827
Intern rente, frå føretak	-37 215	-47 686	-59 103	-65 421
Avkastning av kapital ("Kraftsalsfondet")	-6 142	-6 142	-6 142	-6 142
Rente av anna bank og andre fordringar	-4 766	-4 766	-4 766	-4 766
Renter av kommunale utlån	-2 910	-2 910	-2 910	-2 910
Sum renteinntekter	-52 860	-63 331	-74 748	-81 066
3) Renteutgifter er berekna utifrå dei faste avtalane kommunen har samt at flytande renter for 2015 er stipulert til 2,14 % i gjennomsnitt. For perioden 2016 -2018 er flytande rente sett til 2,72 %, 3,3 % og 3,82 %. Det er vidare lagt opp til at gjelda vert nedbetalt med minimumsavdrag.	56 219	66 689	79 469	79 373
Sum avdrag	37 871	40 589	48 055	54 896
5) AVSETTINGAR	2015	2016	2017	2018
Avsetting til fond, feiing	31			
Avsetting til ubunde fond	24 002	39 010	39 010	39 010
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	-37 314	-39 010	-39 010	-39 010
Bruk av bundne avsetningar	-24 000	-39 010	-39 010	-39 010
Bruk av bundne fond kompetansesatsing ped.pers	-470			
Bruk av bundne fond, rekruttering fastlegar	-300			
Bruk av bunde fond LAR, medisintdeling	-900			
Bruk av bunde fond Stord modellen	-1 207			
Bruk av bunde fond "Frå leige til eige"	-287			
Bruk av bunde fond bustadsosialt velferdsprogram	-37			
Bruk av bunde fond næring (sal aksjar S-lab)	-970			
Sum	-41 452	-39 010	-39 010	-39 010

7.2 HOVEDOVERSIKT DRIFT

HOVEDOVERSIKT DRIFT

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014 opphaveleg	Budsjett 2014 revidert	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
DRIFTSINTEKTER							
Brukerbetalinger	-30 593 170	-31 091 808	-31 241 808	-32 510 064	-33 485 367	-34 489 934	-35 524 629
Andre salgs- og leieinntekter	-36 658 401	-35 820 086	-35 342 670	-38 273 471	-39 336 919	-40 514 675	-41 727 761
Overføringer med krav til motytelse	-150 090 844	-135 128 164	-140 748 851	-147 259 068	-151 675 242	-159 223 904	-163 907 952
Rammetilskudd fra staten	-392 628 819	-407 525 000	-407 525 000	-404 371 000	-420 083 000	-433 262 000	-446 311 000
Andre statlige tilskudd	-16 241 227	-20 053 269	-20 206 656	-23 528 219	-28 706 856	-29 133 723	-29 380 911
Andre overføringer	-291 500	-	-121 500	-121 500	-121 500	-121 500	-121 500
Inntekts- og formueskatt	-442 091 941	-465 769 000	-465 769 000	-489 325 000	-503 116 000	-516 908 000	-530 484 000
Eiendomsskatt	-39 276 459	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-	-	-	-
Sum Driftsinntekter	-1 107 872 361	-1 135 387 327	-1 140 955 485	-1 175 388 322	-1 216 524 884	-1 253 653 736	-1 287 457 753
DRIFTSUTGIFTER							
Lønnsutgifter	562 693 420	594 073 755	592 615 639	621 066 413	639 601 612	658 892 692	678 559 689
Sosiale utgifter	146 729 873	166 307 350	166 789 004	177 719 208	183 038 449	188 541 954	194 185 508
Kjøp av varer og tjenester som inngår i egenprod.	83 298 598	64 646 755	65 993 945	86 524 323	88 952 408	91 862 134	94 411 807
Kjøp av varer og tjenester erstatter egenprod.	221 032 448	232 268 362	235 679 970	222 796 802	229 993 472	230 116 312	230 242 702
Overføringer	67 717 113	73 112 310	75 324 574	57 640 448	46 618 177	57 210 363	68 981 695
Avskrivninger	11 575 242	-	-	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-13 135 303	-20 668 567	-17 347 647	-16 891 559	-17 398 305	-17 920 255	-18 457 862
Sum Driftsutgifter	1 079 911 391	1 109 739 965	1 119 055 484	1 148 855 635	1 170 805 813	1 208 703 200	1 247 923 539
Driftsresultat	-27 960 970	-25 647 362	-21 900 001	-26 532 687	-45 719 071	-44 950 536	-39 534 214

7.2 HOVEDOVERSIKT DRIFT

HOVEDOVERSIKT DRIFT

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014 opphaveleg	Budsjett 2014 revidert	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER							
Finansinntekter							
Renteinntekter og utbytte	-45 980 969	-45 993 719	-46 635 719	-52 860 393	-63 330 783	-74 747 799	-81 066 682
Mottatte avdrag på utlån	-31 958 096	-34 642 525	-34 642 525	-35 865 277	-36 813 059	-46 393 032	-52 198 955
Sum eksterne finansinntekter	-77 939 065	-80 636 244	-81 278 244	-89 225 670	-100 643 842	-121 640 831	-133 265 637
Finansutgifter							
Renteutgifter og låneomkostninger	48 831 441	50 071 526	49 971 526	56 219 477	66 689 494	79 468 535	79 372 563
Avdrag på lån	33 177 761	32 020 613	33 740 000	37 871 247	40 588 595	48 054 617	54 896 094
Sosial- og næringsutlån	120 233	110 000	110 000	110 000	110 000	110 000	110 000
Sum eksterne finansutgifter	82 129 435	82 202 139	83 821 526	94 200 724	107 388 089	127 633 152	134 378 657
Resultat ekst.finanstransaksjoner	4 190 370	1 565 895	2 543 282	4 975 054	6 744 247	5 992 321	613 020
Motpost avskrivninger	-11 575 242	-	-	-	-	-	-
Netto driftsresultat	-35 345 842	-24 081 467	-19 356 719	-21 557 633	-38 974 824	-38 958 215	-39 921 194

7.2 HOVEDOVERSIKT DRIFT

HOVEDOVERSIKT DRIFT

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014 opphaveleg	Budsjett 2014 revidert	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
INTERNE FINANSTRANSAKSJONER							
Bruk av avsetninger							
Bruk av udisponert fra tidligere år	-12 956 265	-30 775 703	-30 775 703	-37 314 412	-39 010 000	-39 010 000	-39 010 000
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-24 000 000	-39 010 000	-39 010 000	-39 010 000
Bruk av bundne fond	-6 786 753	-721 208	-3 519 155	-4 171 085	-	-	-
Bruk av likviditetsreserve	-	-	-	-	-	-	-
Sum bruk av avsetninger	-19 743 018	-31 496 911	-34 294 858	-65 485 497	-78 020 000	-78 020 000	-78 020 000
Avsetninger							
Overført til investeringsbudsjettet	2 515 147	-	-	24 000 000	39 010 000	39 010 000	39 010 000
Avsatt til dekning fra tidligere år	12 956 265	16 290 165	16 290 165	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	-	-	-	24 002 327	39 010 000	39 010 000	39 010 000
Avsatt til bundne fond	7 134 112	-	47 000	30 895	-	-	-
Avsatt til likviditetsreserven	-	-	-	-	-	-	-
Sum avsetninger	22 605 524	16 290 165	16 337 165	48 033 222	78 020 000	78 020 000	78 020 000
Udisponert (overskudd)	-32 483 336	-39 288 213	-37 314 412	-39 009 908	-39 001 824	-39 013 025	-39 004 650
Til inndekning senere år (underskudd)	-	-	-	-	-	-	-
Resultat etter int. finanstransaksjoner	-	-	-	-	-	-	-

7.3 NETTO RAMME, FORDELT EININGSVIS

ANSVAR	Beskrivelse	Regnskap 2013	Budsjett 2014 rev.	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1000	Skatt,rammetilskot,renter	-832 929	-890 291	-961 657	-991 219	-1 019 674	-1 052 242
1050	Kyrkjeleg fellesråd	7 001	7 217	7 430	7 653	7 660	7 667
1097	LOS utvalet	546	-2 023	-	-	-	-
1098	Overføring til/frå føretak	-536	-4 294	-1 249	-1 290	-1 332	-1 375
1099	FSK - Tilleggs/nye løyvingar	-	90	100	100	100	100
1110	Strategisk leiargruppe	4 581	6 558	7 400	7 587	7 779	7 977
1120	Sekretariat	10 383	11 902	12 335	12 226	12 849	12 744
1130	Rekneskap og løn	5 133	7 961	8 562	8 786	9 017	9 254
1140	Personal- og økonomi	8 644	8 471	7 926	8 126	8 332	8 544
1141	Personalføremål - felles	-2 016	4 262	9 669	9 940	10 219	10 507
1142	Lærlingeordning	4 083	4 148	5 130	5 283	5 442	5 605
1150	Utviklingsgruppa	101 848	120 700	123 226	123 969	124 252	124 542
1170	IKT - IT/Telefoni	6 232	8 921	8 352	8 560	8 774	8 995
2100	Skuleløyving haust	37	2 006	87 331	89 950	92 647	95 425
2102	Huglo oppvekstsenter	92	83	66	67	69	70
2103	Hystad skule	23 309	23 794	15 117	15 488	15 869	16 262
2104	Langeland skule	27 579	28 700	17 048	17 473	17 910	18 361
2105	Leirvik skule	25 805	26 554	16 232	16 616	17 012	17 420
2106	Litlabø skule	9 025	9 671	6 242	6 390	6 542	6 698
2107	Rommetveit skule	20 799	21 720	13 321	13 649	13 988	14 336
2108	Sagvåg skule	17 303	16 428	10 438	10 659	10 887	11 121
2109	Tjødnalio skule	24 632	23 210	15 049	15 404	15 770	16 148
2120	Stord ungdomsskule	36 409	37 818	25 489	26 064	26 655	27 264
2121	Nysæter ungdomsskule	21 689	21 630	13 623	13 942	14 271	14 610
2122	Nordbygdo ungdomsskule	23 599	23 412	15 400	15 723	16 056	16 399
2200	Barnehage felles	-	546	624	642	662	682
2201	Furuly barnehage	5 386	5 187	4 952	5 089	5 230	5 375
2202	Sagvåg/Litlabø barnehage	7 281	6 779	6 661	6 849	7 043	7 243

7.3 NETTO RAMME, FORDELT EININGSVIS

ANSVAR	Beskrivelse	Regnskap 2013	Budsjett 2014 rev.	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
2203	Skogatufto barnehage	10 600	10 350	8 989	9 243	9 505	9 774
2205	Trodlahaugen barnehage	6 087	6 043	6 083	6 251	6 424	6 603
2208	Tjødnalio barnehage	5 206	5 570	5 828	5 992	6 160	6 333
2301	Stord sjukeheim	94 186	94 353	101 650	104 468	107 371	110 361
2303	Aktivitet/rehabilitering	29 997	30 721	32 862	33 765	34 695	35 653
2320	Eining for Habilitering	49 808	56 869	60 715	62 470	64 278	66 140
2340	Heimebaserte tenester	65 994	68 490	70 284	72 314	74 404	76 558
2410	Legeteneste	15 119	17 411	19 958	23 639	23 762	23 888
2510	Sosial og førebyggjande	12 940	15 647	15 373	17 619	18 115	18 626
2511	Sosial og førebyggjande oppvekst	18 314	20 562	24 740	25 391	26 062	26 753
2515	NAV kommune	26 969	31 080	31 491	32 667	33 229	33 808
